

KOMMUNEPLAN FOR VOSS 2015 – 2026

Samfunnsdelen



Planframlegg pr. 22 sep. 2014

Kommuneplan for Voss 2015-2026

INNHALD

1. PLANGRUNNLAG OG PLANARBEID.....	5
1.1. JURIDISK PLANGRUNNLAG	5
1.2. PLANPERIODE	5
1.3. PLANARBEIDET	5
1.4. KOMMUNEPLAN, ØKONOMIPLAN OG ÅRSMELDING	6
1.5. ANDRE KOMMUNALE PLANAR.....	6
2. YTRE PLANFØRESETNADER.....	7
2.1. VOSS I VERDA.....	7
2.2. INTERNASJONALE OG NASJONALE TRENDAR	8
2.3. DISTRIKTSPOLITIKK	9
2.4. RIKSPOLITISKE BESTEMMELSAR, RETNINGSLINER OG FØRINGAR.....	10
2.5. FYLKESPLAN OG REGIONALE RETNINGSLINER	10
2.6. NATURVERN.....	11
2.7. SAMFERDSLE	12
2.8. FORSVARET	12
3. LOKALE PLANFØRESETNADER.....	13
3.1. AREAL	13
3.2. TOPOGRAFI.....	13
3.3. GEOLOGI.....	13
3.4. KLIMA.....	13
3.5. ØKONOMISK VIKTIGE NATURRESSURSAR I KOMMUNEN.....	14
4. KARAKTERISTIKK AV VOSS KOMMUNE.....	15
4.1. FOLKETALSUTVIKLING OG DEMOGRAFI	15

4.2. SYSSELSETTING	17
4.3. KOMMUNAL ØKONOMI	18
4.4. REGIONSENTER OG KOMMUNALT SAMARBEID	19
5. VISJON (30 ÅRS PERSPEKTIV).....	21
6. OVERORDNA MÅL (12 ÅRS PERSPEKTIV) :	21
7. VOSS KOMMUNE SOM ORGANISASJON	23
8. MILJØVERN OG BEREKRAFTIG UTVIKLING	25
8.1. NATURFORVALTNING, FRILUFTSLIV OG KULTURMINNEVERN	25
8.2. UREINING.....	28
8.3. KLIMA OG ENERGI	28
9. LEVEKÅR, FOR BARN OG UNGE	31
9.1. BARNEHAGE	31
9.2. GRUNNSKULE	32
9.3. VIDAREGÅANDE SKULAR	33
9.4. AKTIVITETSTILBOD FOR BARN OG UNGE	33
9.5. BARNEVERN.....	33
9.6. HELSETENESTER	33
9.7. PEDAGOGISK - PSYKOLOGISK TENESTE (PPT).....	34
9.8. TVERRFAGLEG, FØREBYGGJANDE ARBEID	34
9.9. KULTURSKULE	34
10. LEVEKÅR, VAKSNE OG ELDRE	36
10.1. VAKSENOPPLÆRING	37
10.2. SOSIALE TENESTER.....	37
10.3. HELSETENESTER	38

10.4. PLEIE OG OMSORGSTENESTER	39
10.5. KULTUR.....	43
10.6. KYRKJER	45
11. NÆRINGSUTVIKLING , ARBEID OG INTEGRERING	48
11.1. REISELIV	52
11.2. LANDBRUK	53
11.3. ANNA NÆRING	56
11.4. KOMMUNAL NÆRINGSVERKSEMD.....	57
11.5. NÆRINGSAREAL.....	57
12. KOMMUNAL TILRETTELEGGING OG TEKNISKE TENESTER	60
12.1. BUSTADBYGGING.....	60
12.2. FRITIDSBUSTADER	63
12.3. CAMPINGPLASSAR	63
12.4. VASSFORSYNING, AVLAUP OG AVFALL	64
12.5. FØREBYGGING OG BEREDSKAP MOT BRANN OG ULYKKER	66
13. SAMFERDSLE	67
13.1. STAMVEGAR	68
13.2. FYLKESVEGAR.....	69
13.3. KOMMUNALE VEGAR.....	70
13.4. KOLLEKTIVTRANSPORT	72
13.5. PARKERING.....	74
13.6. TRAFIKKSIKRINGPLAN	76
VEDLEGG 1.....	78
UPRIORITERTE TILTAK I PLANPERIODEN 2015-2026	78

1. PLANGRUNNLAG OG PLANARBEID

1.1. JURIDISK PLANGRUNNLAG

I medhald av plan- og bygningslova (pbl) § 11 skal kommunane ha ein samla kommuneplan som omfattar ein samfunnsdel med handlingsdel og ein arealdel. Kommuneplanen skal ivareta både kommunale, regionale og nasjonale mål, interesser og oppgåver. Kommuneplanen er kommunen sitt overordna styringsverktøy for utviklinga i kommunen.

Samfunnsdelen er retningsgjevande for kommunen sin politikk i planperioden. Handlingsdelen skal reviderast årleg i samband med økonomiplan og budsjettarbeidet.

Arealdelen viser noverande og framtidig arealdisponering i kommunen og er saman med føresegnene juridisk bindande.

1.2. PLANPERIODE

Planperioden er 12 år, 01.01.2015 - 31.12.2026. Planen skal rullerast minst kvart 4 år.

1.3. PLANARBEIDET

Planarbeidet har vore leia av Formannskap/plan og økonomi. Som oppstart av planarbeidet vart det utarbeida eit planprogram som m.a. omtalar føremål, prosess, medverknad og fokusområde ved rulleringa. Hovudfokus i arealdelen ved denne rulleringa har vore å tilretteleggja for auka sentrumsnært bustadareal/ fortetting og areal for råstoffutvinning. To arbeidsgrupper samansett av politikarar og representantar frå administrasjonen har førebudd planrevisjonen;

Arbeidsgruppe 1 : Arealdelen

Politisk valde : Hans Erik Ringkjøb (AP), Sigbjørn Hauge (SP), Iril Schau Johansen (H) Torstein Gunnarson (V)

Frå adm. : Berit M. Galaaen og Gunnar Bergo

Arbeidsgruppe 2 : Handlingsprogrammet

Politisk valde : Hans Erik Ringkjøb (AP), Bjørg Djukastein (AP), Tove Østlie(SP), Arnfinn Gjerdåker (SV), Sigbjørn Hauge (SP), Torstein Gunnarson (V), Iril Schau Johansen (H), Svein Erik Burud (H), Arne Mosefinn (KRF)

Frå adm. : Einar Hauge, Eilev Aalvik og Gunnar Bergo

Oppstart av planarbeidet er kunngjort etter reglane i PBL. Det er halde ope møte om planarbeidet og det er halde egne møte med ulike interessegrupper. Nye tiltak i arealdelen er konsekvensvurdert på eit overordna nivå (jf. kap. 7 i arealdelen). Det er i tillegg gjennomført ein ROS-analyse for desse tiltaka (vedlegg 4 i arealdelen).

Administrasjonen har på grunnlag av innspel og arbeidet i arbeidsgruppene utarbeidd eit planframlegg, som vart lagt ut til offentleg ettersyn 2 okt. 2014.

1.4. KOMMUNEPLAN, ØKONOMIPLAN OG ÅRSMELDING

Kommuneplanen gjev saman med statlege krav og retningsliner rammene til utarbeiding av underliggjande planar i kommunen. Dei prioriterte tiltaka i kommuneplanen (handlingsdelen) utgjer grunnlaget for kommunen sin økonomiplan. Handlingsdelen er markert i egne boksar i kvart kapittel. Andre tiltak som kan vera aktuelle å gjennomføra i planperioden (2015-2026) er vist i vedlegg 1.

Økonomiplanen skal med utgangspunkt i kommuneplanen gje realistiske vurderingar av kommunen sine samla inntekter og utgifter og synleggjera kva kommunen sine inntekter skal nyttast til dei komande åra. Planen gjeld for 4 år, men vert rullert årleg.

I årsmeldinga vert resultatata og aktiviteten i høve til årsbudsjettet oppsummert og måloppnåing og utvikling i høve kommuneplan /økonomiplan vurdert.

Kommuneplan, økonomiplan og årsmelding har ei lik oppbygging, basert på inndelinga i KOSTRA*, for å styrkja og tydleggjera samspelet mellom desse.

1.5. ANDRE KOMMUNALE PLANAR

Det er utarbeidd ei rekkje kommunedelplanar og temaplanar i kommunen. Ei oversikt over desse finst i arealdelen (vedlegg 1).



Lundarosen (foto G.Bergo)

* **KOSTRA**; kommunane si rapportering til staten.

2. YTRE PLANFØRESETNADER

2.1. VOSS I VERDA

«Verda er vid, men Voss er vidare» heiter det. Sjølv om Voss har det største landarealet av kommunane i Hordaland, er vi små både når det gjeld areal og folketal i ein større samanheng. I 2011 passerte folketalet på jorda 7 mrd. Utifrå prognosane til FN (middels vekst) reknar med at vi er ca. 9.6 mrd. menneske i 2050 (tab. 1).

Tabell 1. Folketal på jorda (i milliardar)

År	Folketal
1800	1
1930	2
1960	3
1975	4
1987	5
1999	6
2006	6,5
2011	7
2028	8
2050	9,6
2100	10,9

Avgrensa ressursar

Det raskt aukane folketalet, aukande forbruk i mange land og ulike miljøproblem (klimaendringar, forørkning og erosjon, synkande grunnvassnivå m.m.) inneber at framtidig matproduksjon kanskje er den største utfordringa menneska står framfor. Kornlageret pr. person i verda vart halvert i 10 års perioden fram til tusenårsskiftet. Mengde fanga fisk pr. person frå havfiskeria vart redusert med 10 % i den same perioden. Fleire av dei viktigaste naturressursane våre er ikkje fornybare. T.d. kjem nesten 80 % av energiforbruket i verda frå ikkje fornybare kjelder.

Nord - sør perspektiv

Det er stor forskjell på fattig og rik, og dermed også svært ulik bruk av naturressursane på jorda. 20 % av menneska i verda (derimellom nordmenn) disponerer 75 % av verdas inntekter, medan 40 % av menneska må dele på 5 % av dei samla inntektene. Noreg importerer ca. 50 % av den maten vi treng i dag. Nordmenn sitt private forbruk auka med 67 % frå 1990 til 2007. Mengda hushaldnings-avfall vi produserte steig frå 236 kg per innb. til 429 kg per innb. i same periode.

Økologisk fotavtrykk måler kor mykje av jorda sitt areal som går med til å produsere dei varer vi brukar og til å absorbere ureininga dette fører med seg.

Det er berekna at jorda ikkje har kapasitet til meir enn 2,1 ha/pers. Gjennomsnittleg økologisk fotavtrykk i verda i dag er 2,7 ha/pers medan Noreg legg beslag på 6.9 ha/pers. Det kan difor vera grunn til å stilla spørsmål om berekraftige kvotar for kvar og ein av oss.

Miljøproblem

Overforbruk og ureining i industrilanda og rovdrift på jord- og skogressursar i u-landa er hovudårsaker til dei globale miljøproblema. Global oppvarming og tap av biologisk mangfald er døme på alvorlege konsekvensar som vi må handtere dei komande åra. Vi bør difor stilla spørsmål om dagens forbruksnivå skal leggjast til grunn i vår planlegging for nye generasjonar. Samtidig som vi har hatt ein sterk vekst i produksjon og forbruk, har likevel den teknologiske utviklinga medverka til at fleire av miljøproblema er redusert dei siste 10-åra.

Ny dagsorden for det 21. hundreåret ?

Verdskommisjonen for miljø og utvikling definerte berekraftig utvikling og gav oss slagordet «tenkja globalt og handla lokalt». I sluttdokumentet frå FN sin store miljøkonferanse i Rio de Janeiro i 1992 vart det fokusert på korleis ein kan møte dei store og internasjonale miljøproblema. Det var semje om at det burde utarbeidast lokale handlingsplanar der det vart utforma lokale agendaer (dagsorden) for det neste hundreåret. Dette vil m.a. innebera at:

- Vi må tenkja og planleggja langsiktig for komande generasjonar.
- Vi må mobilisera heile lokalsamfunnet til innsats for ei berekraftig utvikling.

Det er venta at overordna avgjerder gjennom fleirnasjonale avtalar og nasjonalt lovverk i framtida i aukande grad vil leggja premissar for lokal handlefridom. Vi skal likevel ikkje undervurdera kva det vil seia at vi lokalt etterstrevar ei meir berekraftig utvikling. Ein føresetnad for å oppnå resultat på globalt nivå er at lokalsamfunna engasjerer seg og ser sine handlingar i eit langsiktig og heilheitleg perspektiv.

2.2. INTERNASJONALE OG NASJONALE TRENDAR

Ei stadig sterkare globalisering medfører at vi i aukande grad vert påverka av dei same økonomiske, politiske og kulturelle utviklingstrekka som elles i verda. Aukande grad av inn- og utvandring medfører utvikling av stadig meir fleirkulturelle samfunn. Den teknologiske utviklinga gjev nye moglegheiter, men kan samtidig vera trugande. Bioteknologi og genmanipulering er døme på dette.

I deler av Europa har EU og regionaliseringa ført til at nasjonalstaten har vorte svekka. Regionalisering er også tema i Noreg, men utan at arbeidet så langt har medført vesentlege endringar. Den tydelgaste omlegginga av oppgåvefordelinga går i dag på å styrkja lokaldemokratiet og det kommunale sjølvstyret. Dette har resultert i overføring av stadig fleire oppgåver og mynde til kommunane. Dette må sjåast i samanheng med det

pågåande arbeidet med kommunereforma der siktemålet er å få større og meir robuste kommunar.

Individualisime, privatisering og sterkare marknadsorientering er andre trendar i tida. I Noreg har "velferdsstaten" eit nivå som er høgare enn nokon gong. Forventningar og krav til offentlege tenester er samtidig større og tydelegare enn tidlegare.

Vi får samtidig langt fleire eldre dei komande tiåra, noko som vil medføre stor utfordringar for velferdsstaten. Eldrebølga i Voss kommune er pr. idag vesenleg høgare enn i Hordaland og landet elles. Kommunane vil i åra framover få auka utfordringar ved at fleire oppgåver knyta til folkehelse vert overført frå helseføretaka. Overvekt, livsstilsjukdommar, psykiatri og sosiale skilnader er døme på utfordringar i høve til dette ansvarsområdet.

2.3. DISTRIKTSPOLITIKK

Ein stadig større del av menneska lever i eller nær større bysentra. I Sør-Norge bur 60 % av innbyggjarane i storbyar. I 2050 er det venta at 2/3, av då forventa 9,6 milliardar menneske, vi bu i byar. Sentraliseringa har vist seg å være sterkare i tider med økonomisk vekst.

Den internasjonale finanskrisa og den sterke nedgangen i verdsøkonomien har medført eit markert tilbakeslag i norsk økonomi. Utslaga i produksjon og sysselsetting har likevel fram til no vært mindre i Noreg enn i de fleste andre land. Korleis dette slår ut regionalt er usikkert. SSB vurderer at den verste produksjonsnedgangen er bak oss.

St.meld. nr.13 (2012-2013) "Ta heile Noreg i bruk" inneheld nasjonale mål for distriktpolitikken. Det heiter m.a. her at regjeringa har som mål at folk skal ha reell fridom til å velja kvar dei vil bu og at det er eit mål å oppretthalda hovudtrekka i busetnadsmønsteret.

De siste femti åra har kommunane fått stadig fleire oppgaver og auka ansvar. Kommunane er i dag sentrale aktørar for å løyse viktige samfunnsoppgåver og dette stiller store krav til kommunane. I tillegg må kommunane vera i stand til å handtere nye velferdsreformar i framtida.

Noreg har i ein europeisk målestokk ikkje spesielt små kommunar. Men dei nordiske kommunane har ansvar for ein vesentleg større oppgaveportefølgje enn dei fleste kommunane i mellom- og søreuropeiske. Samanlikna med kommunane i dei nordiske nabolanda er dei norske kommunane relativt små.

I "Kommuneproposisjonen 2015" Prop. 95 S (2013–2014) heiter det ;

"Kommunereforma skal legge til rette for at flere kommuner slår seg sammen til større og mer robuste kommuner. Færre og større kommuner skal gi bedre kapasitet til å ivareta og videreutvikle

lovpålagte oppgaver, gi bedre muligheter til å utvikle bærekraftige og gode lokalsamfunn, samt ivareta viktige frivillige oppgaver. Generalistkommuneprinsippet er et utgangspunkt for reformen. Som et generelt prinsipp skal reformen legge et grunnlag for at alle kommuner kan løse sine lovpålagte oppgaver selv. Kommunestrukturen skal legge til rette for en enhetlig og oversiktlig forvaltning”.

2.4. RIKSPOLITISKE BESTEMMELSER, RETNINGSLINER OG FØRINGAR

Nasjonalt regelverk gjev sterke føringar for kva oppgåver kommunen skal prioritera. I ein kommune med avgrensa inntekter kan dette koma i konflikt med målsetjinga om å auka den kommunale handlefridomen. Arbeidet med oppgåvefordelinga mellom stat, fylke og kommunane har pågått i fleire år. Eit hovudtrekk i dette arbeidet er overføring av meir mynde og fleire oppgåver til fylkeskommunane og kommunane. Rundskriv T- 2/98 B gjev ei oversikt over nasjonale mål og interesser i fylkes- og kommuneplanlegginga. Enkelte lover gjev ibuarane spesifikke krav på ytingar; som oftast i form av eit minimumstilbod. Men ofte er det formulert målsetjingar i føremålsparagrafar, stortingsmeldingar og andre dokument som skaper forventningar om tenestetilbod av høgare kvalitet enn minimumsnivået.

Rikspolitisk bestemmelse av 8 januar 1999 innebar at kommunen ikkje kan tillata etablering av kjøpesenter utanfor sentrale deler av byar og tettstader. Den rikspolitiske bestemmelsen er seinare erstatta av fylkespolitiske retningslinjer om stadutvikling og senterstruktur.

Rikspolitiske retningslinjer (RPR) legg føringar for kommunal planlegging på fleire område:

Nasjonale politikkdokument ;

Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging (Vedteke ved kongelig resolusjon)

- Statlige planretningslinjer for samordnet bolig-, areal- og transportplanlegging (sep. 2014)
- RPR for å styrke barn og unges interesser i planleggingen (T- 1/95)
- RPR for verna vassdrag (T- 1082)
- Retningsline T -1442 Støy i arealplanlegging
- Rundskriv T- 2/08 Om barn og planlegging

2.5. FYLKESPLAN OG REGIONALE RETNINGSLINER

Fylkesplan for Hordaland 2005-2008 er ein felles og samordna plan for fylkeskommunen og statlege styringsorgan på fylkesnivået. Fylkesplanen og fylkesdelplanar er ein del av

grunnlaget for kommunal planlegging. Det er utarbeida følgjande fylkespolitiske planar / retningslinjer ;

- Regional plan for folkehelse (2014-2025)
- Fylkesdelplan, fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv (2008-2013)
- Klimaplan for Hordaland (2013)
- Fylkesdelplan for små vasskraftverk i Hordaland (2013)
- Fylkesdelplan for energi (2001-2012)
- Fylkesdelplan for kulturminne (1999-2010)
- Fylkesdelplan deltaking for alle - universell utforming 2006-2009
- Fylkesdelplan for senterstruktur og lokalisering av service og handel 2002
- Reiselivsstrategi for Hordaland (2009-2015)
- Regionalt utviklingsprogram for Hordaland 2009
- Arealstrategi (fylkeslandbrukstyret)
- Regionale friluftsområde i Hordaland
- Fylkes ROS Hordaland 2009

2.6. NATURVERN

Vossavassdraget oppstrøms Vangsvatnet, Øvstedalsvassdraget, samt Nærøydalsvassdraget, Granvinvassdraget og Undredalselvi er varig verna mot kraftutbygging. Stortinget har fleire gonger understreka at ein og bør vera varsam med andre former for inngrep i dei verna vassdraga. Det er utarbeida differensierte retningslinjer for forvaltning av vassdraga i kommunen. I Voss er i alt 7 område (totalt ca. 110 km²) verna med heimel i biomangfaldlova.

Tabell 2. Område verna med heimel i Biomangfaldlova.

Lokalitet	Type verneområde	Naturtype	Areal
Håmyrane (i Storåsen)	Naturreservat	Myr	315 daa
Lønøyane (ved Lønvatnet)	Naturreservat	Våtmark	352 daa
Rekvesøyane (ved Vangsvatnet)	Naturreservat	Våtmark	190 daa
Grånosmyrane (Rjoandvassdraget)	Naturreservat	Våtmark	3350 daa*
Fadnesskaret (i Teigdalen)	Naturreservat	Edellauvskog	140 daa
Stølsheimen	Landskapsvernområde	Fjellområde	367 km ² **
Nærøyfjorden	Landskapsvernområde	Fjell/fjord	576 km ² ***

* Av dette ligg noko under halvparten i Voss. Resten ligg i Aurland.

** Av dette ligg ca. 59 km² i Voss. Resten ligg i Vik, Høyanger, Modalen og Vaksdal.

*** Av dette ligg ca. 48 km² i Voss. Resten ligg i Aurland og Vik.

Nærøyfjordområdet, som ein del av Vestnorsk fjordlandskap, vart i juni 2005 innskrevet på UNESCO si liste over verdsarvområde. Dette er det einaste området i Noreg som er innskrevet som eit reint naturområde.

2.7. SAMFERDSLE

Voss stasjon har fått ei kraftig opprusting dei siste åra og utviklar seg til å bli eit viktig og funksjonelt trafikk- knutepunkt. Vidare vart tunnel bak Vangen opna vinteren 2014. Desse tiltaka vil medføre betydeleg mindre trafikkbelastning i sentrumsområdet – noko som vil kunne gjere sentrum langt meir attraktivt som buområde. Det er likevel betydelege utfordringar med stor lokaltrafikk i sentrumsområdet.

Ny trase for E 16 mellom Lundarosen og Oppheim er planlagt i form av ein eigen kommunedelplan (2009).

2.8. FORSVARET

Forsvaret er i endring, og regiment på Bømoen vart nedlagt i 2002. Samtidig vart det oppretta eit alliert øvingscenter som disponerer store fjellareal mellom Mjølfjell og Brandset (området er avsett som skyte- og øvingsområde for forsvaret). Areal som forsvaret disponerte på Bømoen er no avhenda og arealet er under regulering med tanke på framtidig sivil bruk. Dette er også aktuelt på Tvildemoen der kommunen støttar grunneigarane sitt ønske om å få frigjort areal mellom anna til bruk for bustadforemål.

3. LOKALE PLANFØRESETNADER

3.1. AREAL

Voss kommune ligg i indre del av Hordaland og grensar i vest til Vaksdal, i sør til Kvam og Granvin, i aust til Ulvik, og i nord til Aurland og Vik i Sogn og Fjordane fylke. Av kommunen sitt totalareal på 1815 km² ligg 678 km² over 900m.o.h., og 76 km² er dekket av ferskvatn (tab.3).

Tabell 3. Arealbruk i Voss kommune.

Arealbruk	Areal i km ²	%
Jordbruksareal (fulldyrka jord, natureng og overflatedyrka mark)	58	3,2
Produktivt skogsareal (barskog og lauvskog)	311	17,1
Utbygd areal (tomter, vegar, jernbane mv.)	40	2,2
Ferskvatn	76	4,2
Anna areal (snaufjell, ikkje produktiv skog mv.)	1330	73,3

Jord- og skogbruksareal henta frå Fylkesstatistikk Hordaland 1998.

3.2. TOPOGRAFI

Landskapet i hovuddalføret er prega av breiare dalar og mjukare former enn elles i indre deler av fylket. Eit mangfald av dalar skjer ned i terrenget i ulike himmelretningar. Vossavassdraget med sine mange greiner er ein dominerande faktor i landskapsbiletet. Langs hovudvassdraget finst store areal med flate moar.

3.3. GEOLOGI

Berggrunnen i store delar av kommunen er dominert av granittar, gneisar, kvartsitt og kvartsskifer. I nordlege delar av kommunen inneheld berggrunnen m.a. den lyse bergarten anorthositt. I Tvildesåsen er det førekomst av bly/sølv. Fleire stader har det vore drive uttak av skifer. Sentrale delar av kommunen er prega av fylitt med vekslende mengde kvarts og kalk.

Frå ca. 9.000 år sidan forsvann isen i det vesentlege frå landet vårt. Dei lausmasseavsetjingar som finst er danna under is-smeltinga og seinare. Alle dei store moane i Voss er danna av breelvar, og er avsette i havet eller i store breinnsjøar. Under siste istid sto havet i Vossaområdet opptil 100m høgare enn no.

3.4. KLIMA

Voss ligg i overgangssona mellom kyst- og innlandsklima. På årsbasis har Vossevangen omlag 1.200mm nedbør, og i dei fire sommarmånadene har Vossevangen omlag same nedbørmengde som Geilo og Oslo (i underkant av 300mm). Det er store lokalklimatiske

variasjonar i Voss. Som hovudregel har vestlege område mest kystprega klima, medan austlege delar har meir preg av innlandsklima. FN sine klimaprognosar varslar meir nedbør, meir ekstremvær og dermed også større fare for m.a. flaum og ras på Vestlandet. Dette må kommunen legge inn som eit grunnlag i den framtidige planlegginga.

3.5. ØKONOMISK VIKTIGE NATURRESSURSAR I KOMMUNEN

- Stein (anorthositt og skifer, jf. temakart)
- Sand- og grusavsetningar (jf. temakart)
- Vossavassdraget
- Jordsmonnet som vekstmedium
- Skog
- Vilt, laks/sjøaure og innlandsfisk
- Vossanaturen som opplevingsverdi for friluftsliv og reiseliv



Elva over Afdal (foto G.Bergo)

4. KARAKTERISTIKK AV VOSS KOMMUNE

4.1. FOLKETALSUTVIKLING OG DEMOGRAFI

Folketalet i kommunen har vore relativt stabilt dei siste 10-åra. Frå 1978 til 1991 var folketalet tilnærma konstant. Etter den tid har ein hatt nedgang fram til 1999. Frå 2000 har folketalet i hovudsak vore i svak vekst. Ved inngangen av 1 kvartal 2014 hadde kommunen eit folketal på 14 168 innbyggjarar.

Folketalet Noreg er forventa å auke sterkt dei neste 50 åra. I tillegg til at vi får fleire innvandrarar, vil folketalet bli prega av ein stadig større del av eldre. Talet på innvandrarar i Voss er likevel lågt samanlikna med fylket og landet. Framskrivningane for Voss viser også ein jevn auke (ca. 0,5% pr. år) og om ti år vil folketalet ha auka med ca. 1000, (tabell 4). I Bergen vil folketalet truleg få ein langt sterkare vekst. Voss bør ved god tilrettelegging kunne ta del i denne veksten. Ei dobling av folketalet innan 30 år tilsvarar ekempelvis ein årleg folkevekst på ca. 2,5 %. God tilgang på attraktive, sentrumsnære bustader / bustadtomter og ein opprusta Vossabane vil vera dei to viktigaste momenta for å kunne ta del i denne folkeauken. Beregningar viser at det er potensiale for ca. 7000 nye innbyggjarar i sentrumsområdet. Voss har i dag eit godt omdøme som reisemål og bør også kunne marknadsførast som ein attraktiv bukommune.

Tabell 4. Folketalsframskriving, 2015-2040, basert på middels folkevekst (SSB 2014, MMMM).


	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2025	2030	2035	2040
0-5	979	970	958	949	953	974	1021	1033	1023	1014
6-15	1726	1738	1735	1733	1724	1707	1743	1787	1843	1848
16-19	759	731	738	735	736	743	675	709	714	748
20-66	8281	8334	8393	8469	8514	8538	8651	8751	8906	9052
67+	2531	2587	2624	2659	2697	2735	2982	3223	3433	3606
Totalt	14276	14360	14448	14545	14624	14697	15072	15503	15919	16268

Samanlikna med fylket og resten av landet har kommunen framleis ein stor andel eldre over 80 år (tabell 5)

Tabell 5. Alderstruktur i Voss samanlikna med fylket og landet. Tall (%) frå Folkehelseprofilen 2014.

	Voss	Hordaland	Landet
Under 18 år	22	23	22
Over 80 år	6,3	4,1	4,1

Gjennomsnittsalderen i Voss og indre deler av fylket er høgare enn i dei ytre delene av fylket (fig. 1).



Figur 1. Gjennomsnittsalder i Hordaland fylke i 2013.

Som i landet elles lever kvinner lengre enn menn. I Voss var såleis 76 % av ibuarane over 90 år kvinner i 2014 (tab. 6).

Tabell 6. Prosent kvinner og menn over 90 år

	Voss	Hordaland	Landet
Kvinner	76	74	73
Menn	24	26	27

Det vesentlege av folketilveksten sidan 1960 finn me i sentrale deler av Voss. Auken har skjedd i sjølve sentrum (tab. 7), men også i området Fenne – Mønshaugen og Kvitli – Tjukkebygda. I Skulestadmoen har folketalet minka noko dei siste åra (jf. tab. 8).

Tabell 7. Utvikling av folketalet på Vossevangen (SSB 2014)

	2007	2008	2009	2011	2012	2013
Vossevangen	5 674	5 739	5 860	5 950	5 993	6 053

Tabell 8. Utvikling i folketal i ein del grunnkrinsar i kommunen .

Grunnkrins/ Folketal	2001	2006	2009	2014
Bolstad/Vassenden/Rongen	292	273	268	244
Evanger /Skorve /Teigdalen	423	448	424	417
Bordalen / Gjerald	357	351	356	363
Fenne / Mønnshaugen	964	999	1052	1110
Kvitli / Tjukkebygda	1064	1080	1075	1117
Skulestadmarka / Skulestadmoen	1340	1319	1261	1218
Vinje	160	163	165	182
Myrkdalen	281	244	231	247

Voss har framleis ei relativt spreidd busetting samanlikna med fylket og landet. Tabell 9 viser situasjonen i 2008.

Tabell 9. Busetting i Voss, Hordaland fylke og landet 2008.

	Kommunen	Fylket	Landet
Befolkning per km ²	8,0	32,3	15,7
Andel bosatt i tettbygde strøk. Prosent	56	77	78


4.2. SYSSELSETTING

Syssettinga har gått ned i landbruk og industri. I siste planperiode har det spesielt kome til fleire nye arbeidsplassar innan byggje- og anleggsverksemd (jf. kap.11).

Det er fleire som pendlar ut enn inn av kommunen for å finne seg arbeid. Flest pendlar er det til Bergen (501 i 2012). Frå Bergen pendla det 189 arbeidstakarar til Voss i 2012. I Granvin hadde 122 personar Voss som arbeidsplass i 2012.

Arbeidsløysa i Voss har gått ned dei seinare åra, og er lågare enn gjennomsnittet i fylket. Fig. 2 viser situasjonen frå 1986 og fram til 2012.

Fig 2. Tal arbeidsledige i Voss kommune 1986-2012



4.3. KOMMUNAL ØKONOMI

Gjeld

Voss kommune har på grunn av stor gjeld og høgt aktivitetsnivå i høve til inntektene, liten økonomisk handlefridom. Pr. 1.1.2014 var lånegjelda på 770 mill. kr, eller ca. kr 54 377 pr innbyggjar.


Investering

For å redusera gjelda som kommunen har er låneramma sett til 15 mill. kr dei neste åra. Dette avgrensar kva investeringar kommunen kan gjera. I tillegg kjem lån til formål som er sjølvfinansierande og til lån til rehabilitering av skulebygg (rentefrie lån frå staten).

Drift

Rekneskapen for 2013 viser totale driftsutgifter på 1036146 mill. kr. Fordelinga av driftsutgiftene går fram av figur 3.

Det er ikkje rom for vesentleg auke i den totale ramma for drift dei næraste åra, med mindre overføringane frå staten vert auka monaleg. Budsjettet er svært stramt. Sjølv om forventningar og krav til offentlege tenester er større enn tidlegare, har ein lagt vekt på at handlingsprogrammet i kommuneplanen skal vera mest mogleg realistisk og basert på dei økonomiske føresetnadane.



Figur 3. Fordeling av driftsutgiftene til Voss kommune 2013.

4.4. REGIONSENTER OG KOMMUNALT SAMARBEID

Voss er eit regionsenter og trafikknutepunkt, med fleire regionale funksjonar og eit variert arbeidsliv.

Kommunane Jondal, Granvin, Ulvik, Eidfjord, Ullensvang og Voss kommune har sidan 1994 samarbeida om avfallshandtering gjennom selskapet Indre Hordaland Miljøverk.

Tilsvarande har vi Indre Hordaland Revisjonsdistrikt som gjennomfører lovpålagt revisjon for Eidfjord, Jondal, Odda, Ullensvang, Ulvik og Voss.

Voss har vidare i dag eit formalisert samarbeid med Vik og Aurland kommune (næringsutvikling) og med Granvin herad (skatteregnskap, IT m.m.). Innan barnehagar og skular arbeider ein regionalt med kompetanseheving og utviklingsarbeid på fleire nivå, både med etablert samarbeid mellom dei barnehage- og skuleansvarlege i kommunane, men også som kursarrangør. Regionen er sett saman av Eidfjord, Granvin, Jondal, Kvam, Odda, Ullensvang, Ulvik og Voss. Via vaksenopplæringa sel vi også tenester innan norskopplæring til Vaksdal kommune og logopedi til Aurland og Ulvik.

Ifølge Østlandsforskning (2011) vil ein muleg framtidig Vossaregion (Voss, Granvin, Ulvik, og Eidfjord) utifrå dagens næringsstruktur ha eit vanskeleg utgangspunkt for vidare utvikling. Voss kan likevel utifrå høge stadsesifikke kvalitetar , Hardangerbru og nærleik til Bergen utviklast innan turisme og som ein attraktiv bukommune. I samband med “kommunereforma” der siktemålet er færre og større kommunar vil Voss måtte orientere seg mot nabokommunane for å avklare kvar forholda ligg best til rette for eit utvida samarbeid og evt. kommunesamanslåing.

5. VISJON (30 års perspektiv)

Voss har mange sterke sider og er ein god kommune å bu i. Dette vil vi ta vare på og vidareutvikla. Vårt framtidsbilde er slik ;

” Voss – bygd for sterke opplevingar ”

Med dette meiner me at her kan ein få sterke og gode opplevingar enten det gjeld i naturen, innan kulturlivet, på skulen eller i omsorgstenestene. Voss skal vera ein attraktiv kommune i utvikling, der det er tilrettelagt for god livskvalitet - for alle.

6. OVERORDNA MÅL (12 års perspektiv) :

” - Voss skal vidareutviklast som eit sterkt og attraktivt regionsenter ”.

Strategiar for å nå visjon og overordna mål :

- Voss kommune skal som regionsenter legge til rette for vekst i regionen gjennom å ta initiativ overfor andre kommunar. Samarbeidet med nabokommunar og Bergen, m.a. innan samferdsle, utdanning og reiseliv skal stå sentralt.
- Gjennom auka merksemd på sentrumsutvikling skal Vossevangen utviklast vidare som regionsenter. Regionsenteret skal vera attraktiv å vera i, bu i og å driva næring i.
- Voss kommune skal jobba aktivt for auka folketalet m.a. ved å få på plass ei moderne og konkurransedyktig Bergensbane og ein trygg og sikker E16.
- Det skal leggjast til rette for gode bustadtilbod i alle delar av kommunen, og det skal vera ein prioritert strategi å skaffa bustad til alle grupper.
- Det skal leggjast til rette for framtidretta verdiskaping, med fokus på reiseliv, landbruk, kulturbasert næringsliv og helse- og omsorgstilbod. Arbeidet med næringsutvikling og nyskaping skal prioriterast for å styrka eksisterande arbeidsplassar og for å skapa nye.
- Voss kommune skal leggja stor vekt på arbeidet med kultur- og fritidstilbod og kommunen skal vera ein aktiv aktør overfor lag og organisasjonar som skapar ulike arrangement i kommunen.
- Voss kommune skal vera ein effektiv og serviceorientert kommune der fokus er på å yta innbyggjarane så gode tenester som mogleg.
- Innan helse og omsorg skal ein flytta fokus frå reparasjon til førebyggjande arbeid.
- Berekraftig utvikling, folkehelse, universell utforming og langsiktig styring skal leggjast til grunn i planleggingsarbeidet.

- Det skal leggjast vekt på estetikk i opplæring, planlegging og utbygging.
- Sikrings- og beredskapsarbeidet skal vidareutviklast slik at faren for ulykker / kriser vert minimalisert.
- Arbeidstakarane i kommunen skal oppleve ein kontinuerleg innsats for å skapa attraktive arbeidsplassar, med fokus på å behalda, utvikla og rekruttera.



Vossevangen (foto G.Bergo)

* **Berekraftig utvikling** ; ei utvikling som imøtekjem våre behov utan å øydeleggje moglegheitene for at framtidige generasjonar skal få dekkja sine behov (Bruntlandskommisjonen 1987).

7. VOSS KOMMUNE SOM ORGANISASJON

Voss kommune har over 1200 tilsette som arbeider med direkte tenesteyting, forvaltning og administrasjon. Kommunen er politisk styrt av eit folkevald kommunestyre på 43 medlemmer. Administrasjonen sine hovudoppgåver er å leggja til rette for politiske organ si verksemd, setja i verk politiske vedtak, forvalta lokalt og statleg regelverk og vera eit serviceorgan for ibuarane. Kommunen skal ha ein organisasjon som sikrar at ibuarane sine ønskje og behov vert registrerte og vurderte i samanheng.

Dei tilsette er kommunen sin viktigaste ressurs. Den einskilde tilsette skal vere entusiastisk og sjå fram til å gå på jobb. Ein tilsett i Voss kommune skal oppleve :

- å verte vist interesse og omtanke.
- god kommunikasjon som skapar openheit, tryggleik, gjensidig respekt og tillitt.
- å verte informert, verdsett og høyrte, samt få konstruktive og klare tilbakemeldingar.
- å få utfordrande arbeidsoppgåver saman med fridom under ansvar, men også klare mål til utføring på avdelingsnivå og som einskild tilsett.
- at tryggleiken på arbeidsplassen er ivareteken.

Organisasjonen er ikkje berre summen av enkeltmenneskje, men også samspelet mellom menneskja og det arbeidsfellesskapet. Det er vårt felles ansvar å vere med på å skapa eit slik arbeidsfellesskap.

Kommunen har i fleire år hatt ein stram økonomi. Organisasjonen bør vera endringsorientert for å kunne skaffe handlingsrom til prioriterte tiltak.

- Mål :
- *Voss kommune skal vera ein organisasjon som er målretta, effektiv, lærande og serviceinnstilt.*
 - *Sjukefråværet bør liggje under landsgjennomsnittet for kommunane.*
 - *Voss kommune skal i størst mogleg grad praktisera meiroffentlegheit.*
 - *Kommunen skal framstå som ein nytenkjande og attraktiv arbeidsplass ved å investera 2 % av brutto lønnskostnader i kompetanseutvikling.*

Handlingsprogram 2015-2018 (prioriterte tiltak utover dagens drift)

I= investering, D= drift

* KOSTRA funksjon

Politisk styring, administrasjon og kontrollorgan (100,120,121 130, 180)*

- Sikra dei tilsette turvande fagleg utvikling, jf. opplæringsplan (D)
- Sikra god informasjon og dialog til innbyggjarane, m.a. ved å oppgradere kommunen sine internettsider med tilrettelegging for døgnopen teneste og interaktiv dialog med brukarane. Utvikla samarbeidet med media, lag og organisasjonar.(D,I)
- Effektivisera organisasjonen ved fokus på leiing, heilskap, samlokalisering og systematisk bruk av IKT og oppgradering av arkiv (D,I).



Voss Tinghus (foto G.Bergo)

8. MILJØVERN OG BEREKRAFTIG UTVIKLING

8.1. NATURFORVALTNING, FRILUFTSLIV OG KULTURMINNEVERN

Voss kommune er rik på natur, kulturminne og kulturlandskap og har mange attraksjonar både i regional og nasjonal samanheng. Dette gjev grunnlag for rike og allsidige opplevingar. Det er derfor viktig at ein er merksam på desse verdiane, og at ein forvaltar dei på ein berekraftig måte, slik at dei også i framtida kan vera ein ressurs både for fastbuande og tilreisande.

Områdevern

Fleire område er verna etter biomanfaldlova (tidlegare naturvernlova , jf. kap. 2). I tillegg er deler av

Myrkdalsdeltaet og våtmarksområda i Lundarosen og Melsvatnet regulert som spesialområde, våtmark, etter PBL. Dei siste 10-åra har område med inngrepsfri natur vorte kraftig redusert i kommunen.

Mål : - *Inngrepsfri natur* og eit representativt utval av ulike naturtypar skal sikrast i kommunen.*

Vassdrag

Vossavassdraget, oppstraums Vangsvatnet, vart varig verna mot kraftutbygging i verneplan III (1986). Granvinvassdraget, utanom nedslagsfeltet til Bulko, vart verna gjennom same verneplan. Kun mindre deler av den verna delen ligg i Voss kommune. Øvstedalsvassdraget og Nærøydalselvi (med unntak av Jordalselva) fekk varig vern i suppleringsplan for verna vassdrag i 2005. Både Vossovassdraget og Nærøydalselvi fekk status som nasjonale laksevassdrag i 2006.

Fylkesdelplan for små vasskraftverk i Hordaland vart vedteken av Hordaland fylkesting i 2009. Planen inneheld mellom anna fylkespolitiske retningsliner for utbygging av små vasskraftverk i fylket. Voss kommune utarbeida i 1994 plan for "Differensiert forvaltning av vassdrag i Voss kommune". Denne er no rullert som ein del av kommuneplanen og gjev rammer for forvaltning av verneverdiar og brukarinteresser i vassdraga i kommunen (jf. temakart og retningsliner).

Mål : - *Vassdrag med tilhøyrande nedslagsfelt skal forvaltast slik at ein sikrar god vasskvalitet og det biologisk mangfaldet.*

* **Inngrepsfri natur** ; Natur utan tyngre tekniske inngrep (som vegar, kraftutbygging m.m. etter definert liste).

Biologisk mangfald

Biologisk mangfald er variasjonsbreidda av artar, gener og dei ulike naturtypane artane er avhengige av. Naturmangfaldlova vart vedteke i 2009. Den gjev rammer for vern og bruk av det biologiske mangfaldet. Voss kommune har gjennomført kartlegging av biologisk mangfald, både i høve til naturtypar og ein del trua artar. Det er utarbeida viltkart for kommunen og kommunale handlingsplanar for viltforvaltning og for forvaltning av innlandsfiske ressursane (jf. vedlegg 1). Laksestamma i Vossavassdraget har internasjonal verneverdi, men har vore i kraftig tilbakegang sidan slutten av 1980-talet. Ei storstila redningsaksjon for å berga laksestamma ser no ut til å bera frukter, men det er framleis viktig å ha ein beredskap i høve til utviklinga dei komande åra. Verna og inngrepsfrie område, område med spesielle naturkvalitetar og større viktige viltområde, er vist som omsynsonar med høg verdi (naturverdi). Det er utarbeida retningsliner for desse områda.

Mål : - *Det biologisk mangfaldet i kommunen skal sikrast. I område med høg verdi skal ein unngå inngrep.*

Friluftsliv

Friluftsliv er viktig for trivsel og god helse. Dei seinare åra er det tilrettelagt ei rekkje friluftsområde i kommunen. Kommunen har utarbeida eigen temaplan for friluftslivet (jf. vedlegg 1 i arealdelen).

Mål : - *Ved tilrettelegging av friluftsområde skal det takast spesielt omsyn til unge, eldre og funksjonshemma ved universell utforming, der dette er muleg.*
- *I planarbeidet for Bømoen skal ein ta omsyn til universell utforming slik at alle grupper kan nytta Bømoen som rekreasjonsområde.*



Kvåle rasteplass (foto G.Bergo).

Kulturminne

Voss er rekna for å vera ein av kommunane i Hordaland som er rikast på faste kulturminne. Kjende fornminne er automatisk freda gjennom kulturminnelova, og er markert med rune R i arealdelen. Vidare er eit 30-tals nyare kulturminne vedtaks-freda etter initiativ frå riksantikvaren. Evanger sentrum er regulert til spesialområde vern som kulturhistorisk verdifullt bygningsmiljø. Kommunedelplan for kulturminne vart vedteken i 2004. Det er utarbeid retningsliner for forvaltning av kulturminne.

Mål : - *Kulturminne og kulturlandskap skal registrerast, sikrast og forvaltast på ein forsvarleg og framtidssretta måte. Vedtekne, kommunale retningsliner skal leggjast til grunn for arbeidet.*

Handlingsprogram 2015-2018 (prioriterte tiltak utover dagens drift)

I = investering, D = drift

* = KOSTRA funksjon

Naturforvaltning, friluftsliv og kulturminnevern (360,365)*

- Beredskap for å sikra laksestamma i Vossavassdraget (D)
- Følgja opp tiltaka i handlingsplan for viltforvaltning (Viltet i Voss), handlingsplan for forvaltning av fiskeressursane og temaplan for idretts- og friluftsliv (D)
- Følgja opp tiltaka i kommunedelplan for kulturminne, med spesiell fokus på vern gjennom bruk. (D, I)



Restane etter husmannsplassen på Nåli (foto G.Bergo)

8.2. UREINING

Ureining av luft, jordsmonn og vatn kan medføra alvorlege miljøproblem. I Voss kommune har målingar vist at luftkvaliteten i sentrumsområdet på vinterstid kan vera dårleg, og på nivå med sterkt trafikkerte gater i storbyane. Utslepp frå vegtransport og vedfyring er hovudårsakene til den dårlege luftkvaliteten.

SFT har kartfesta 3 areal i kommunen med grunnureining, alle gamle avfallsdeponi (jf. temakart, vedlegg 8).

Vossavassdraget er ein god resipient og har i hovudsak god vasskvalitet. Men spesielt dei vestlege delane av nedslagsfeltet har vore noko sure. Fleire lokalitetar har derfor vore kalka. Ein del mindre elver og bekkar er framleis ureina, i hovudsak p.g.a. tilførsel av nærings salt frå landbruket.

Støy er definert som "uønskt lyd". Over 1 million nordmenn er plaga av støy. Veg –og flytrafikk er truleg dei alvorlegaste støykjeldene i kommunen.

Mål : - *Støy og ureining av luft, jordsmonn og vassdrag skal stansast/reduserast*
 - *Støy skal vera vurderingstema i all detaljplanlegging*
 - *Luftureininga på Vossevangen (spesielt svevestøv) skal reduserast*

Handlingsprogram 2015-2018 (prioriterte tiltak utover dagens drift)

I= investering , D= drift

* KOSTRA funksjon

- Omlegging av den kommunale bilparken til El- bilar (I)
- Gjennomføra tiltaka i hovudplan for avlaup (I,D)

8.3. KLIMA OG ENERGI

Klima

Global menneskeskapt oppvarming "drivhuseffekten" er ein av største miljøutfordringane verda står framfor. Gjennom Kyoto-avtalen har Noreg forplikta seg til å følgje opp ved å redusera utslepp av drivhusgassane. Likevel har klimautsleppa i kommunane auka frå 1990 og fram 2007, for så å gå noko ned under finanskrisa i 2008-2009, men med påfølgande auke i 2010 og 2011. I Voss kommune kjem dei største utsleppa frå biltrafikk, landbruk og stasjonær forbrenning. Dei konkrete tiltaka må skje i lokalsamfunna. I 2009 vedtok Voss kommunestyre ein kommunedelplan for energi- og klima med ei rekkje konkrete tiltak. Samtidig som vi må setje inn tiltak for å redusere klimatruslane må vi og gjer tiltak for å tilpasse oss dei klimaendringane som likevel vil kome. Voss kommune har derfor delteke aktivt i det nasjonale klimaprojektet "Noradapt" som har

analyseret kor sårbare vi er for klimaendringar og som arbeider for å finne tiltak for å møte desse endringane på ein best muleg måte.

- Mål :
- *Voss kommune skal følgje opp dei nasjonale klimamåla om utsleppsreduksjonar.*
 - *Voss kommune vil samtidig gjere tiltak for å tilpasse seg dei klimaendringane som er forventa.*

Energiforsyning

Noreg har det høgaste elektrisitetsforbruket pr. innbyggjar i verda. Ser ein bort frå elektrisitet har energiforbruket i Noreg auka med 28 % sidan 1991. M.a. har energiforbruket til hushaldningane auka kraftig.

I dei nedre delane av Vossavassdraget er det tidlegare gjennomført omfattande vasskraftutbygging. Det vert i dag produsert elektrisk kraft i Evanger (BKK), Oksebotn (BKK), Hodnaberg (VE), Rognsfossen (VE) og Palmafossen(VE). Dei seinare åra har det vorte bygd/planlagd fleire minikraftverk/småkraftverk i kommunen. BKK har kartlagt kraftpotensialet i den ikkje verna delen av Vossavassdraget.

Dei seinare åra har fleire bedrifter/institusjonar teke i bruk biobrensel og varmpumper som ein del av sin energibruk.

Kommunen har gjennomført ENØK-analysar for fleire av sine bygningar for å kartleggja energibruk og vurdere aktuelle tiltak. Fleire tiltak for energiøkonomisering er gjennomført og har gjeve gode resultat.

Av andre energikjelder er grunnvarmepotensiale i lausmassar på Vossevangen kartlagt. Resultata viser at det her er eit vesentleg potensiale for grunnvarmeuttak, men det er pr. i dag vanskeleg å få god nok lønsemd i eit uttak av denne ressursen. Derimot har dei siste åra vorte satsa på biobrensel til oppvarming både på Frammnes og i Myrkdalen og det er tilsvarande planar for bruk av biobrensel for nærvarmeanlegg i sentrumsområdet.

- Mål :
- *Kommunen skal ha ein berekraftig energipolitikk basert på ENØK og energiforsyning frå m.a. nye fornybare energikjelder*

Handlingsprogram 2015-2018 (prioriterte tiltak utover dagens drift)

I= investering, D=drift

* KOSTRA funksjon

- Følgja opp tiltak i energi- og klimaplan for Voss kommune, med spesiell fokus på tilrettelegging for sykkel og bruk av bioenergi. (D)



Frå arbeidet med kraftutbygging i Dyrvo (foto G.Bergo)

Aktuelle underliggjande planar ;

- Plan for idrett og friluftsliv, 2014-2017
- Viltet i Voss, 2013
- Energi og klimaplan for Voss kommune, 2009-2013
- Handlingsplan for forvaltning av fiskeressursane, 2004-2007
- Kommunedelplan for kulturminne i Voss, 2004-2007
- Differensiert forvaltning av vassdrag i Voss, 1994- 2006

9. LEVEKÅR, FOR BARN OG UNGE

Dei fleste barn og unge på Voss har gode levekår, med relativt stabile heimeforhold, god trivsel og høve for varierte aktivitetstilbod. Det fins mange ulike tilbod innanfor organisert aktivitet, men det bør bli fleire arenaer for uorganisert aktivitet.

Førebyggjande arbeid blant barn og unge skal vera høgt prioritert. Det krev innsats både frå kommunale instansar, samarbeid med friviljuge organisasjonar og lag, samt tilrettelegging for allsidig uorganisert aktivitet. Det viktigaste er gjerne likevel at den einskilde foreldre blir i stand til å styre sitt eige liv og som igjen vil gi eit grunnlag for eit godt oppvekstmiljø. Dei som treng hjelp må få hjelp til sjølvhjelp. Kommunen bør saman med idrettslaga også leggje til rette betre for funksjonshemma som vil delta i den organiserte aktiviteten.

Skular og barnehagar er viktige kommunale primæroppgåver, samt kommunale tenester frå helse. Kommunen har også ansvar for Voss kulturskule og drift av ungdomsklubben ”Gryto”. Alle desse er viktige tenester for eit godt oppvekstmiljø.

Voss kommune tek årleg imot 30 flyktningar. Nokre av kommunen sine årlege flyktningmottak skjer gjennom plassar for einslege mindreårige flyktningar, busett i barnevernsinstitusjonar. Det er nødvendig å sørge for god integrering av alle. Dette arbeidet skal ha høg prioritering.

Mål : - *Gje alle barn og unge ein trygg og god oppvekst, m.a. med fokus på likeverd, deltaking og meistring.*

9.1. BARNEHAGE

Alle barn med rett til plass etter lov får barnehageplass i Voss kommune. Dette utgjer i 2014 vel 92 % barn i alderen 1-5 år. Ca 53,7 % av barna går i kommunale barnehagar og 46,3 % går i private barnehagar. Brukarundersøking mellom foreldre til barn i barnehagar, viser eit resultat som ligg om lag på landsnitt.

Mål : - *Barnehagetilbod til alle som ynskjer det.*
- *Sikre eit godt pedagogisk barnehagetilbod med vekt på trivsel og gode utviklings- og læringsvilkår.*
- *Ein større prosentdel menn mellom dei tilsette i barnehagane.*
- *Foreldre skal oppleve trivsel og respektfull behandling. Ved brukarundersøking skal nivået vera som landsgjennomsnittet eller høgare.*
- *Alle barnehagar skal vera godkjent etter forskrift om miljøretta helsevern.*

- *Betre lokale til barnehagar som i dag har lite egna/ dårlege lokale*
- *Ruste opp uteanlegga.*
- *Nye barnehagar skal ha eit variert uteområde som legg til rette for og stimulerer til allsidig leik og utfalding.*
- *Det skal vera nulltoleranse for mobbing i barnehagane*

9.2. GRUNNSKULE

I 2014 er det i 12 grunnskular i kommunen, med totalt ca 1 730 elevar. Voss har vedteke endringar i skulestrukturen som skal gjennomførast i dei første åra. Då vil Voss få 10 grunnskular. Vossaskulane har framleis relativ små skular, men vil gå mot å bli større skular. Tal elevar som søkjer og er gitt rett til spesialundervisning er redusert siste par åra. Elevane får i større grad ei tilpassa opplæring. Resultat på nasjonale prøvar og brukarundersøking mellom elevar, lærar og foreldre ligg på landsnitt i 2013/2014. Statistikk viser at mobbing har vore meir utbreidd i Voss dei siste 5 åra enn i fylket og kommunar det er naturleg å samanlikne seg med. Ser ein på tala frå Elevundersøkinga 2013 viser imidlertid desse at Voss kommune ligg under snittet for Hordaland og landet når det gjeld mobbing både i 7. og 10. trinn. Dette kan indikere at kommunen har fått bukt med problemet. Noko av grunnen kan vera Anti-mobbe programmet Zero som vart sett i gang 2011.

Tabell 10. Elvar i grunnskulen 2014 og framskreve i 2025 i ulike alt (SSB 2014).

	2014	2025 middels folkevekst	2025 høg folkevekst
Elevar 1-10 kl	1730	1743	1837

- Mål:
- *Ha ein skulestruktur som sikrar gode læringsvilkår, godt grunnlag for sosial utvikling, godt elevmiljø, effektiv ressursbruk og eit godt oppvekstmiljø.*
 - *Godt tilrettelagt læringsmiljø, der den einskilde elev får høve til læring og utvikling ut frå eigne føresetnader.*
 - *Auka satsing på praktisk-estetisk fag.*
 - *Foreldre og elevar skal ha høve til medverknad. Ved brukarundersøking skal nivået vera som landsgjennomsnittet eller høgere.*
 - *Resultat av nasjonale kartleggingar/ prøver skal ligge på landsgjennomsnittet eller høgere.*
 - *Det skal vera nulltoleranse for mobbing i skulane.*
 - *Alle skular skal vera godkjent etter forskrift om miljøretta helsevern*

9.3. VIDAREGÅANDE SKULAR

Voss har eit allsidig skuletilbod med 5 vidaregåande skular. Skulane skal samlast i to nye skular på sikt, planlegging for bygging er starta. Dette for å gi elevane eit betre fagtilbod og utnytte ressursane meir effektivt. Mange ungdommar som kjem frå nabokommunar bur på hybel. Voss skal, i samarbeid med dei vidaregåande skulane, legge til rette for gode aktivitetstilbod og for oppfølging. Statistikk viser at fråfallet i vidaregåande skule har vore lågt i Voss gjennom fleire år. Men utviklinga viser at det i dei siste åra er eit aukande tal som ikkje fullfører utdanninga.

Mål: - *Voss skal vera eit trygt og attraktivt skulesenter for ungdom*

9.4. AKTIVITETSTILBOD FOR BARN OG UNGE

Meiningsfylte fritidsaktivitetar er vesentleg for barn- og ungdom si utvikling. Det finst ca 500 friviljuge lag/organisasjonar på Voss, så mangfaldet er stort og valfridom er stor. I tillegg til organisert aktivitet, bør Voss tilby arenaer og tilbod for spontane aktivitetar. Tilgang til gode aktivitetstilbod er viktig førebyggjande arbeid. Ungdomsklubben ”Gryto”, Ungdomshuset (UHV) og fritidskontaktordninga er viktige tenester for å nå ungdomane i deira fritid. Samarbeid med dei frivillige organisasjonane er også eit viktig for å styrka tilbod til barn og unge.

Mål : - *Voss skal ha allsidige aktivitetstilbod som kan inkludere alle.*
- *Det skal vera tilbod og tilrettelegging for både organisert og uorganisert aktivitet. Tilbod til barn og unge med særleg behov bør det arbeidast særskilt med.*
- *Styrke samarbeidet med foreldre og lag og organisasjonar som har aktivitetar retta mot barn og unge.*
- *Legge til rette for allsidige aktivitetar/leik i nærmiljøet (m.a. leikeplassar, uteanlegg ved skular, bakkar, skog, turstiar til grønne lunger)*

9.5. BARNEVERN

Kommunen har eit barnevern som gir rett hjelp til rett tid. Barnevernstenesta ønskjer å koma i kontakt med barn og familiar som treng hjelp så tidleg at hjelpetiltak etter lov om barnevernstenester er tilstrekkeleg til å snu ein vanskeleg situasjonen til positiv utvikling. Barnevernstenesta deltek aktivt i å utvikle gode samarbeidsrutinar med andre som arbeider med born og unge lokalt

9.6. HELSETENESTER

Helsetestasjonen har tilbod for familiar med born under skulealder og for ungdom 15 – 20 år, og skulehelsetenesta har tilbod for grunnskule og vidaregåande skular. Kommunen skal sikra ibuarane nødvendig helsehjelp, vera pådrivar overfor andre sektorar og styrka helsefremjande og førebyggjande arbeid.

9.7. PEDAGOGISK - PSYKOLOGISK TENESTE (PPT)

PPT yter teneste til barn og unge i alderen 0 – 16 år og til vaksne som treng spesialundervisning. PPT skal rettleia skule og barnehage i arbeid med kompetanseutvikling og organisasjonsutvikling for å gjera opplæringa betre for born med særlege behov. Dei skal sørge for at det blir utarbeidd ei sakkunnig vurdering der lova krev det. PPT på Voss yter også tenester til fem andre kommunar i Hardanger og Sogn.

9.8. TVERRFAGLEG, FØREBYGGJANDE ARBEID

Voss kommune er ein kommune som satsar aktivt på tidleg hjelp til barn som treng det. Tidleg innsats for barn i risiko (TIBIR), er eit forskningsbasert system som er implementert i kommunen sitt arbeid. Systemet inneheld m.a. foreldrerettleiing for barn i alderen 3-12 år med utagerande åtferd, sosial ferdigheitstrening til barn i alderen 4 – 12 år, hjelp til personale i barnehagar og skular som har vanskar i høve barn med utagerande åtferd.

For å gi betre tilbod til born og unge, skal tverrfagleg samarbeid mellom barnehage, skule, barnevernsteneste, helseteneste og pedagogisk- psykologisk teneste vidareutviklast. Tenesta er samla under felles kommunalavdeling oppvekst frå 2013. Samlokalisering og ev. samorganisering skal vurderast. I arbeid med integrering av barn og unge skal flyktningkontoret samarbeide med tverrfagleg gruppe. Det skal utarbeidast ein temaplan for oppvekst der samhandling mellom einingar vil vera tema.

- Mål :
- *Eit offensivt hjelpeapparat med fokus på førebyggjande arbeid, som gjev rett hjelp til rett tid, og hjelp til sjølvhjelp*
 - *Tenester tufta på tverrfagleg samarbeid*
 - *Skule og helsetenester skal ha særleg fokus på førebyggjande psykososialt arbeid, habilitering og rusførebygging.*
 - *Born skal i størst mogleg grad vernast mot familievald, rus, omsorgssvikt, fattigdom, rasisme*

9.9. KULTURSKULE

Voss kulturskule gir tilbod til ca 300 elevar frå 6 år og opp til 18 år. Skulen si målsetjing er å utvikla barn og unge sine estetiske og kreative evner. Skulen får nye lokale i Kulturhuset frå hausten 2010. I nye lokale bør omfang av tenester auka til å kunna nå mellom 600 - 700 elevar innan estetiske fag.

- Mål:
- *Kulturskulen skal kunna tilby opplæring innan estetiske fag til mellom 600 - 700 elevar. Veksten må komma innan auke i gruppeundersvisning og med eit breitt tilbod som kan omfatta større elevgrupper.*
 - *Skulen skal utvida sitt tilbod innan andre sjangrar, t.d. korps og rytmisk musikk.*

Aktuelle underliggjande planar ;

- Utviklingsplan «den gode barnehage», 2014-2017
- Utviklingsplan «Betre læringsmiljø for skulane», 2013-2016
- Skulebruksplan, 2012
- Plan for Voss kulturskule, 2002-2007
- Plan for psykisk helse, barn og ungdom, 2000

Handlingsprogram 2015-2018 (prioriterte tiltak utover dagens drift)

I= investering, D=drift

* KOSTRA funksjon

Barnehage (201, 211, 221)*

- Rehabilitering / nybygg/ andre lokale for barnehage på Lundhaugen og Kløve(I)
- Ruste opp uteanlegg for eit allsidig aktivitetstilbod (I)
- Ny barnehage i sentrumsområdet (I,D)

Grunnskule (202, 215, 222,223)*

- Ferdigstilla rehabilitering/utbygging av idrettsfløy ved Voss ungdomskule. Dette må sjåast i samanheng med nytt symjeanlegg.(I)
- Rehabilitering/nybygg for Sundve, Palmafossen og Gjernes.(I)
- Ruste opp uteanlegg for eit allsidig aktivitetstilbod. (I)

Førebyggjande arbeid elles (233.244)

- Følgja opp plan for førebyggjande arbeid (oppvekstplan)og tiltak for invandringsbarn.
- Følgja opp plan for rus- og kriminalitets-førebyggjande tiltak.
- Aktivitetstilbod for barn og unge (231)*
- Opprusting og utviding av symjehall, jf. planar om nytt symjeanlegg (I)
- Legge til rette for motorsport i kommunen
- Aktivitetspark i sentrum (I)
- Ordning med open idrettshall med allsidige tilbod for uorganisert ungdom(D)

10. LEVEKÅR, VAKSNE OG ELDRE

Voss kommune har hovudansvar for tenesteproduksjonen som skjer i offentleg sektor. Kommunen har og ei viktig rolle som tilretteleggjar for privat sektor og «tredje sektor» (frivillig arbeid). For å sikre innbyggjarane gode og stabile levekår må alle nivåa fungere som ein heilskap.

I 2014 var det registrert 8190 personar i aldersgruppa 20- 66 år i kommunen, og 2516 personar over 67 år. Tal på yrkesaktive er estimert å auka med om lag 10 % fram til 2040 medan tal personar over 90 år er estimert å nesten doblast. På kortare sikt, i 5-10 års perspektiv, ser me ein betydelig auke i tal eldre mellom 67 og 79 år. Dette er ei aldersgruppe som kan medføra auke i behov for førebygging og rehabilitering samt heimetenester.

Tabell 11. Demografi – framskriving (tal frå SSB 2014)

Alder/år	2014	2015	2020	2025	2030	2035	2040
20-66 år	8190	8281	8538	8651	8751	8906	9052
67-79 år	1580	1610	1813	2039	2075	2147	2152
80-89 år	762	735	714	732	935	1045	1132
90 år eller eldre	174	186	208	211	213	241	322
Sum	10706	10812	11273	11633	11974	12339	12658

Kommunen har ei stor utfordring i planperioden ved den store auken i talet på eldre mellom 67-80 år og over 90 år. På lengre sikt, ligg hovedutfordringa i veksten i tal eldre over 80 år. Utfordringane framover vil vera å gi gode omsorgstenester til brukargrupper med omfattande behov, samtidig som omsorgstrappa med dei ulike trinna vert oppretthaldt. Det er eksempelvis stadig fleire eldre som har forventningar til å bu i eigen heim, sjølv med betydelig funksjonssvikt. Me er parallelt med dette nøydtt til også å retta fokus mot førebyggjande arbeid for ulike grupper i samfunnet. Ny teknologi og hjelpemiddel er viktig i dette arbeidet.

Meld. St. 29 (2012-2013) ”Morgendagens omsorg” er retningsgivande for både utviklingstrendane og dei overordna føringane for utforming og prioriteringar innan helse- og omsorgstenestene i kommunane, og herunder også Voss kommune. Kommunens ansvar omfatter alle pasient- og brukargrupper, herunder personer med somatisk eller psykisk sykdom, skade eller lidelse, rusmiddelproblem, sosiale problemer eller nedsatt funksjonsevne». (Lov om kommunale helse- og omsorgstjenester)

Tal arbeidsledige er låge både for ungdom og vaksne. Registrert tal frå SSB i 2013 var 1,5 %. Dette er positivt for kommunen, men og resultat av at folk flytter frå bygda grunna mangel på aktuelle arbeidsoppgåver. Etablering av varierte og attraktive arbeidsplassar og bustader er avgjerande for vidareutvikling av lokalsamfunnet.

Kommunen må utvikla og leggja til rette for god organisering av samspelet med 3. sektor, basert på folkehelseperspektivet. Folkehelsearbeid er samfunnets samla innsats for å styrke faktorar som fremjar helsa og trivsel jamnar ut faktorar som fører til helserisiko og vernar mot ytre helsetruslar.

Mål : - *Leggje til rette for god livskvalitet og trygge levekår gjennom samspel mellom kommune, næringsliv, det frivillige organisasjonslivet og den einskilde innbyggjar.*

10.1. VAKSENOPPLÆRING

Kommunane er lovpålagde eit ansvar for opplæring på grunnskulen sitt område, både grunnutdanning og spesialundervisning. I tillegg er opplæring i norsk og samfunnsfag for framandspråklege lagt til vaksenopplæringa. Fylkeskommunen har ansvaret for vidaregåande skuletilbod og staten for høgare utdanning. Arbeidet med å vidareutvikla etablering av høgare utdanning i Voss kommune er viktig. Det er av stor interesse for Voss at det vert gjeve omfattande tilbod også på desse felta.

Mål : - *Gje tilbod om vaksenopplæring på grunnskulenivå*
 - *Vidareutvikla tilbodet av etter- og vidareutdanning for vaksne som i sterkare grad er tilpassa næringslivet sin trong*
 - *Utvikle høgskule- og universitetstilbod som er tilpassa regionen og næringslivet sin trong for kompetanse*

10.2. SOSIALE TENESTER

Også i sosialektoren er hovudutfordringa å styrkje det førebyggjande arbeidet. Analyse av tenesta viser at det føreligg utfordringar knytt til sosiale tenester i kommunen, men samanlikna med andre har me forbetra vår posisjon dei siste åra. Netto driftsutgifter til sosialtenesta per innbyggjar er no på same nivå som Kostragruppe 11 og lågare enn landsgjennomsnittet og Hordaland. Statistikken viser derimot at andelen sosialhjelpsmottakarar per innbyggjarar er noko høg. Brutto driftsutgifter per sosialhjelpsmottakar er lågare enn landssnittet.

Utfordringane framover vil vere å redusera tal sosialhjelpsmottakarar og og få sysselset fleire slik at dei også vert i stand til å dekkja eigne utgifter. Sosial- og omsorgssektoren har spesielle utfordringar knytt til ungdom, som konsekvens av at Voss er regionsenter for vidaregåande skular. Ungdom frå nabokommunar som fell ut av skulen, vert ofte buande. Funksjonshemma ungdom frå nabokommunar etablerer nettverk og vel ofte å

busetje seg i Voss etter fullført vidaregåande utdanning. Ein må ta høgde for desse faktorane ved dimensjonering av tenestetilboda i sosialsektoren.

Voss kommune har lågare del innvandrarak (7,1 %) enn det som er situasjonen i referansekommunane (8,9 %) og landet utan Oslo (12,6%). Andel innvandrarak har imidlertid auka på Voss frå 4,7% i 2009 til 7,1% i 2014. Arbeidsinnvandrarak utgjer ein stor del av dette.

For å lukkast med utfordringane innan sosiale tenester må innsatsen for å få flest mogleg i arbeid, utdanning eller anna relevant aktivitet intensiverast. Innsatsen både mot næringsliv og offentleg sektor må styrkast. Det må og setjast i verk nye tiltak for å betre levekåra til vanskelegstilte. Utfordringane her er i stor grad knytt til rus og psykisk helse, men vi har og forbetringspotensiale knytt til integrering av flyktningar og asylsøkjarak i lokalsamfunnet.

Mål: - *Leggja til rette for at alle får høve til å leve eit aktivt og meiningsfylt liv.
Alle skal ha moglegheit for å kome i arbeid eller aktivitet
Betre levekåra for vanskelegstilte*

10.3. HELSETENESTER

Kommunen har bl.a. ansvar for å tilby helsefremjande og førebyggjande tenester, hjelp ved ulykker og akutte situasjonar, fastlegeordning og medisinsk habilitering og rehabilitering, jf. (Lov om kommunale helse- og omsorgstenester).

Ved analyse av Kostratal ser me at Voss kommune nyttar mindre ressursar til helsetenester enn referansekommunar. Brutto driftsutgifter per innbyggjar ligg betydelig lågare enn Kostragruppe 11, men berre litt lågare enn Hordaland og landssnittet.

Voss kommune har hatt ein stor auke i bygging av fritidsbustader. Dette saman med anna turistverksemd vil føre til monaleg auka etterspurnad etter kommunale helsetenester, spesielt i høgtider, feriar og helger når det tradisjonelt er utfordrande å skaffe nok personell. Dette medfører behov for utvida interkommunal legevaktteneste. Ei interkommunal legevaksordning føreset tett og konstruktivt samarbeid med sjukehus og nabokommunar.

Ruspolitisk handlingsplan vart rullert i 2012 og inneheld mål og tiltak for rusmiddelpolitikken i kommunen.

Mål : - *Sikre innbyggjarane godt helsetilbod med fokus på å styrke førebyggjande arbeid og habilitering/rehabilitering.*

10.4. PLEIE OG OMSORGSTENESTER

Kommunen har lovpålagt ansvar for å gje nødvendige pleie og omsorgstenester med god kvalitet.

Det spesielle ved demografien i Voss er den høge andelen eldre (tabell 12). Ved inngangen av 2014 var det registrert 936 personar over 80 år. Det utgjer 6,6 % av folketalet. Tilsvarande % for kommunane i Hordaland var 4,3 % og landsnittet utanom Oslo 4,4 %. Tala illustrerer dei spesielle utfordringane kommunen har i eldreomsorga.

Tabell 12. Demografi – framskriving (tal frå SSB 2014, midels vekst)

Alder/år	2014	2015	2020	2025	2030	2035	2040
67-79 år	1580	1610	1813	2039	2075	2147	2152
80-89 år	762	735	714	732	935	1045	1132
90 år eller eldre	174	186	208	211	213	241	322
Sum 80+	936	921	922	943	1148	1286	1454

Kortsiktige utfordringar: Dei neste 6 åra vil auken i talet eldre primært skje i gruppa 67 til 79 år. Dette er ei gruppe som truleg vil få behov for heimetenester og som det er viktig å driva førebyggjande arbeid med. Det er også ei gruppe som i større grad utviklar demens. Det er venta at talet på demente generelt vil auka sterkt i åra som kjem og tilbod og kompetanse innan demens må utviklast. Utfordringar i plansamanheng kjem likevel primært i gruppa over 80 år. Framskrivninga viser reduksjon i talet 80 til 89 år på 48 personar, medan tilsvarande auke i dei over 90 år er 34. Trongen for pleie og omsorgstenester aukar kraftig for gruppa over 90 år. Erfaringsmessig vil om lag 50 % av desse ha trong for plass med heildøgns omsorg og pleie.

I heimetenestene er det registrert sterk auke etter omsorgstenester for yngre brukarar. Menneske med utviklingshemming er relativt konstant. Etterspørselen etter tenester har vore sterkt aukande for menneske med rus og psykiske problem, trafikkskadde m.v.

Langsiktige utfordringar; I eit lengre perspektiv, frå 2020-2035 er det estimert ein betydelig auke i alle aldersgruppene. Perioden 2020-2025, med noko mindre auke i aldersgruppa over 80 år, bør nyttast til å planleggje og byggje ut nye tilbod for å ta høgde for den eksplosive veksten i talet på eldre over 80 år som kjem fram mot 2035 og 2040. Frå 2025 til 2030 vil det bli 205 fleire over 80 år. Tilstrekkeleg tilgang på kvalifisert personell vil og bli krevjande. Det er derfor viktig å jobba langsiktig med ressurs- og kompetansestyring.

I 2009 nytta Voss kommune 34,4 % av brutto driftsutgifter til pleie- og omsorgstenester. Det er ein høg % del og illustrerer kor viktig det er at midlane vert nytta optimalt. Ein

indikator i Kostrasystemet som illustrerer godt i kva grad pleie og omsorgssektoren er prioritert er korrigererte bruttoutgifter per mottakar av kommunale pleie og omsorgstenester.

Voss har auka sine utgifter med 10% frå 2009. Me ser likevel at Voss nyttar mindre per brukar enn referansegruppene (tab. 13):

Tabell 13. Ressursbruk pleie- og omsorgstenester.

	2009	2013
Voss	293 748	323 568
Kommunegruppe 11	306 670	357 513
Landet utan Oslo	360 947	369 636

Det må imidlertid nemnast at det ikkje er ein direkte samanheng mellom ressursbruk og kvalitet. Kommunalavdelinga jobbar for ei effektiv drift som ivaretek god kvalitet til alle våre brukarar.

Profilen på ressursbruken i omsorgssektoren i Voss avvik imidlertid sterkt frå andre kommunar(tabell 14).

Tabell 14. Profil på ressursbruken i pleie- og omsorgstenestene.

Driftsutgifter	Voss	Kostragr. 11	Landet
Institusjon	59,8	44	45
Heimetenester	35,6	50,9	49,8
Aktivisering	4,7	5,1	5,0

Det er opplagte feilkjelder i Kostratala ettersom mange kommunar har valt å gi tenester med heildøgns pleie og omsorg i omsorgsbustader som alternativ til sjukeheim. Det forklarar utvilsomt ein del. Kostratala indikerer at Voss kommune ikkje nyttar spesielt mykje ressursar til omsorgssektoren, korrigert for behovsprofilen. Datamaterialet gir imidlertid klare styringssignalar på at innsatsen framover primært bør kome i heimetenestene.

Samhandlingsreforma ble vedtatt av Stortinget 27 april 2010. I tillegg vil St.mld «Morgendagens omsorg» og ny helse- og omsorgslov frå 2011 vil vera premiss- og retningsgivande for arbeidet i kommunane. Dokumenta klargjer kva oppgåver kommunane har ansvar for. St.meld. 25 Omsorgsplan 2015 er og sentral for utforming av omsorgssektoren. Desse og andre dokument er nytta som bakgrunnsinformasjon i planprosessen.

Kommunereform i Kommuneproposisjon 2015 skildrar Regjeringens sitt ynske om å flytta makt og ansvar til større og meir robuste kommunar for å ivareta velferd og sikra verdiskaping og trivsel. Det kan difor koma ytterligere insentivordningar til

interkommunale samarbeid og organisering. Rehabilitering og førebygging er også område som må prioriteras for den veksende aldersgruppa. Fokus på dette området vil være med på å moderera behova for meir omfattande helse- og omsorgstenestar seinare. Det må også arbeidast med effektivisering av prosessar, organisasjon, tenestetilbod og velferdsteknologi for å sikra best mogeleg bruk av ressursar.

Voss sjukehus og spesialisthelsetenesta er også ein viktig ressurs for lokalsamfunnet. Samarbeidet mellom kommunen og spesialisthelsetenesta må vidareutviklast parallelt med gjennomføring av samhandlingsreforma.

Utfordringane vi står framfor, i tillegg til refererte demografiske endringar, er kort summert slik; Sjukedomsbilete vil endra seg. Psykiske lidingar, rus, kreft, diabetes, fedme, kols, astma og demens vil auke. Innsatsmidlane må tilpassast nye behov. Det er dokumentert at samhandlinga mellom forvaltningsnivåa ikkje fungerer godt nok. Utfordringane knytt til å skaffe nok kvalifisert personell vil bli store. Stortinget har gjennom vedtak av Samhandlingsreforma konkludert med at framskriving av dagens system er ikkje økonomisk bærekraftig.

Vedtatt løysing er ny arbeidsdeling mellom kommunar og helseforetaka kombinert med auka satsing på førebyggjande arbeid.

Kommunane vil få nye oppgåver før, under og etter sjukehusopphald. For å løyse desse oppgåvene vert lokalmedisinske sentra tilrådd etablert. Desse skal ha døgntilbod for observasjon, utgreiing, etterbehandling og lindrande behandling. I tillegg legg reforma opp til at kommunane skal etablere ambulerande team innan lindrande behandling, geriatri og rehabilitering med assistanse frå spesialisthelsetenesta. Base for slike team bør vere lokalmedisinske sentra. Lærings- og mestringsstilbod og eigenbehandling er og oppgåver kommunane vil få utvida ansvar for.

Stortinget har slått fast at befolkningsgrunnlaget for slike sentra bør vere frå 20 000 innbyggjarar og oppover. Voss kommune vil vurdere samarbeid med kommunar i lokalsjukehusområdet og andre kommunar som har signalisert at dei ønskjer å nytte Voss sjukehus som lokalsjukehus, for å løyse oppgåvene som følgjer av reforma.

Eit samla Storting har klart signalisert at samhandlingsreforma primært er ein kommunehelsereform. Framtidig behovsauke må i størst mogleg grad bli løyst i kommunane. Interkommunalt samarbeid vil vere ein absolutt føresetnad for å lukkast.

For å kunne lage gode planar er det nødvendig å ha oversikt over helsetilstanden og - ikkje minst viktig - kva som påverkar denne. Helsedirektoratet har fått i oppdrag å formidle verktøy for å få betre oversikt over helseutfordringane i kommunane og styrke kommunane sin kompetanse i helseplanlegging for å effektivisere førebyggjande tiltak. For å følgje opp denne viktige oppgåva bør ressursar til samfunnsmedisinsk arbeid styrkast.

Innan helse og omsorg er fokus i aukande grad retta mot folkehelsearbeid. Dette er definert som systematisk helsefremjande og førebyggjande arbeid. Helsefremjande tiltak er tiltak som styrker god helse. Førebyggjande tiltak vert sett inn mot faktorar som trugar helsa.

Folkehelsearbeidet må følgjast opp i all kommunal aktivitet, ikkje berre i helse- og omsorgssektoren. Folkehelsetiltaka er primært retta mot heile befolkninga, grupper, (røykarar, rusmiddelmissbrukarar, personar med vektproblem, m.v.) men kan og vere individretta som til dømes helsestasjonsarbeid og skulehelsetenesta.

Ut frå statlege styringssignal og lokale behovsvurderingar vil det bli viktig med auka fokus på tverrfaglig folkehelsearbeid

Kommunen må fortløpande vurdere bruken av disponible ressursar opp mot vedtekne mål. Det er viktig at til dømes;

- Personar som kan ha nytte av tekniske hjelpemiddel frå Hjelpemiddelsentralen skal få nødvendig hjelp til søknadsprosess.
- Det vert lagt til rette for vidare satsing på tryggleikshjelpemiddel og matombringning
- For alle som søker heimetenester skal det inngå i forvaltningskontorets vurdering om omsorgsløn og/eller brukarstyrt personleg assistent kan vere eit alternativ til tradisjonelle heimetenester.
- Brukarstyrt personleg assistent; Ordninga gir brukar styring med eget liv innanfor definerte økonomiske rammer. Kommunen bør vere positiv til slike løysingar når brukar ønskjer det og gjennomføring er realistisk.
- Støttekontakt; Gruppeopplegg og treningskontaktar skal prioriterast. Personar med heildøgntilbod skal ha lågast prioritet
- Husmorvikartenesta; Tenesta vert tilrådd integrert i heimehjelpstenesta. Premiss: Opplegget må sikre tilbod om kortvarig hjelp til brukar slik intensjonen i dagens husmorvikarordning er lagt opp.

Innbyggjarane har rett til ”nødvendige” helse- og omsorgstenester frå kommunen. Forventningane til kva det offentlege skal løyse av oppgåver er aukande og overstig disponible ressursar. Streng prioritering er difor nødvendig. Kommunen har utarbeida tildelingskriterier som skildrar tenesteinnhald, krav og forventningar og skal bidra til ei betre fordeling av tenester.

Tenester skal setjast inn på beste effektive omsorgsnivå for å understøtte førebygging og tidleg intervensjon i sjukdoms- og problemforløpa.

Mål : - *Alle skal kjenne seg trygge for at dei får nødvendig helse- og sosiale*

- tenester med rett kvalitet når dei har trong for det*
- *All omsorg skal ta utgangspunkt i respekt for den einkilde sitt eigenverd.*
 - *Så langt det vert vurdert som forsvarleg skal tenestene ytast i pasientens heim.*
 - *Dei som ikkje lenger kan bu heime skal få tilbod om plass med heildøgns pleie- og omsorg. Plassane bør vere differensierte og tilpassa brukarens behov.*



Hagahaugen (foto G.Bergo)

10.5. KULTUR

Ved tusenårsskiftet hadde Voss ca. 500 friviljuge lag/organisasjonar. I løpet av dei siste 10 åra har det vore ein avgang på 10-15% av desse. Nye lag er også komne til, slik at friviljug lagsliv framleis har ein dominerande plass i kulturlivet på Voss anno 2010. I dei seinaste 20-30 åra har også kommunen og private næringsinteresser engasjert seg direkte i kulturlivet. Kinodrift har vore kommunalt kulturtilbod i heile etterkrigstida. Etter

kulturmeldingane på 1970-talet er kultur blitt politikkområde; og kommunen er fast økonomisk bidragsytar til lokalt kulturliv. I samband med dette vart det også lagt til rette for tett dialog mellom kommunen sitt kulturstyre og det friviljuge lagslivet. Gjennom diverse omleggingar av den kommunale organisasjonen har dette samarbeidet gradvis blitt redusert; og er ikkje lenger nedfelt i organisasjonsplan eller instruks for kommunale organ.

Den private Voss Musikkskule er blitt kommunalt driven frå 1979; og har seinare utvikla seg til Voss Kulturskule. Frå 2010 har Voss kommune tilsett kommunalsjef for kultur; og dessutan kulturhussjef.

Næringsinteresser har gradvis engasjert seg i lokalt kulturliv. Dette har funne stad m.a. i tilknytning til dei store kulturfestivalane på Voss; med VossaJazz som den eldste. Også på idrettssida finn det stad ei viss kommersialisering; m.a. ved at ekstremidrettane etablerer seg som næringsverksemd; - ikkje som tradisjonelle idrettslag.

Det er etablert faste samarbeidsfora mellom kommune og kulturlivet i bygda.

Paraply-organisasjonar:

Det friviljuge lagslivet har på fleire område utvikla felles taleorgan for deler av lagslivet: såkalla paraplyorganisasjonar. Voss Idrettsråd og Voss Kulturråd er døme på slike. Andre viktige deler av kulturområdet manglar slike felles overbygningar; - t.d. innan barne- og ungdomsarbeid.

Kommunal stønad til kulturlivet:

Av historiske årsaker forhold kommunen seg til kulturliv og idrett på noko ulik måte. Idretten får ein stor del av sin kommunale stønad indirekte, ved at kommunen dekkjer grunnleiger og el. utgifter til lys på anlegg som idrettslaga eig kring i heile kommunen. Noko blir også gitt som direkte pengestønad til laga for vedlikehald og drift av idrettsanlegga. F.o.m. 2010 har kommunen overteke og driv Voss Idrettshall, På kultursida er kommunen sitt engasjement berre i form av pengestønad til festivalar, institusjonar og lokalt lagsliv; pluss at kommunen sjølv driv bibliotek, kino og kulturskule.

Kultur som næringsutvikling:

Frå 1970-åra og frametter har det på Voss vakse fram ei rekkje store årlege kulturfestivalar. Desse har etter kvart også fått stor næringsmessig verdi; og har utvikla tette band til handels- og reiselivsnæring. Idrettsstilboda gjev på si side grunnlag for utvikling av aukande vinterturisme. Kommunen har vedteke kommunedelplan for reiseliv, der kulturbasert næringsutvikling er peika ut som satsingsområde. Hovudmålet der er at Voss kvar dag heile året skal engasjere og begeistre sine gjester gjennom deltaking i sterke opplevingar, basert på vossa -naturen, lokal kultur og tradisjon.

Kommunalt planverk på kultur/idrettssida:

Arbeidet med å få på plass ein helskapleg kulturplan for Voss kommune starta opp våren 2014. Det er tidlegare laga nokre kommunedelplanar og temaplanar på kulturområdet.

Kulturhuset:

Nytt Kulturhus på Voss opna januar 2011. Dette inneber styrking av kulturtilboda innan Bibliotek – Kino – Kulturskule. Lagslivet får også betra arbeidsvilkår; m.a. i form av gode lokale for kunstutstillingar og andre framføringar.

Kulturhuset er også tilpassa vidareutvikling av samarbeidet med næringsinteresser og reiseliv; m.a. i form av utleige av lokale, visning av opplevingsfilm mm.

Hovudmål: Kultur for alle!

Mål:

- *Ivareta og vidareutvikla kultur- og tradisjonsgrunnlaget i kommunen, med fokus på menneskelege ressursar, friviljug lagsliv, dugnadsånd og samarbeid.*
- *Stimulera til samarbeid mellom kulturbasert næringsliv og friviljug kulturarbeid.*
- *Leggja til rette for allsidig aktivitet i Kulturhuset*
- *Leggje til rette for eit aktivt ungdomsråd*
- *Utgreie potensialet for vidareutvikling av lokal scenekunst*
- *Alle som ønsker, skal få plass på Kulturskulen.*

10.6. KYRKJER

Det er 6 kyrkjer i kommunen. I tillegg er det samarbeidsavtale med Bolstad bedehus. Vangskyrkja er verna. I tillegg har Riksantikvaren "listeført" Oppheim, Raundalen og Evanger kyrkje. Alt vedlikehald og bygningsmessig arbeid på desse bygningane skal difor godkjennast av Riksantikvaren. Trongen for vedlikehald er stor. Særleg gjeld dette Vangskyrkja. Det er kyrkjegardar i bruk knytt til kvar kyrkje. Lovverket fastset at det til ei kvar tid skal vera ledige graver tilsvarande 3% av folketalet i kommunen.

Det er fleire historiske gravplassar i kommunen (Bolstad, Skiple, Vinje og Oppheim).

I tillegg til det profane kulturlivet har kyrkja vore og er framleis ein viktig kultur- og tradisjonsberar i bygda. Særleg har Vangskyrkja stått sterkt med si rike utsmykking av bilet- og målarkunst og glasmåleri. Også skikkar med opphav i kyrkjelege handlingar har gjeve grunnlag for aktivitetar i moderne tid: Ridande Vossabryllaup, pilegrimsvandring, m.m. Vossakyrkjemessa tek føre seg historie, musikk, kunst og kultur knytt til kyrkja.

- Mål :
- *Ta vare på kyrkjene i kommunen*
 - *Stimulere til auka bruk av kremering*

Aktuelle underliggjande planar ;

- Fysioterapiplan, 2013
- Temaplan for omsorgstenestene, 2011
- Ruspolitisk handlingsplan, 2008 – 2011
- Smittevernsplan for Voss, 2005
- Plan for helsemessig og sosial beredskap, 2005
- Plan for psykisk helse, barn og ungdom, 2000
- Plan for regionalt og lokale kulturbygg, 1998-2002
- Plan for ressursgruppe for omsorg ved kriser, 1993
- Plan for terminal pleie og omsorg, 1992

Handlingsprogram 2015-2018 (prioriterte tiltak utover dagens drift)

I = investering, D = drift

*KOSTRA funksjon

Vaksen opplæring (213)*

- Utvida undervisningstilbod, m.a. i samarbeid med fylkeskommunen (D)

Sosiale tenester (234, 242, 243,265, 272,275,276, 281,283)*

- Kommunen må ha tilgang på bustader til personar som ikkje klarer å ordne det sjølv, jf. bustadsosial handlingsplan (D/I).
- Sikra eit variert tilbod av dagaktivitetar for dei som etter lova har krav på det (D/I).

Helsetenester (232,233,241)*

- Følgje opp samfunnsmedisin og folkehelsearbeid (D)
- Følgje opp sjukeheimslegefunksjonen. Følgje opp vedtatt plan.(D)
- Gjennomføre interkommunal legevakt på kveld og helgedagar (D)
- Nødsamband helse (D)

Pleie- og omsorgstenester (253,254,261,265)*

- Korttidsopphald/avlastning: Følgje opp vedtatt plan for omsorgstenestene.(D)

Kulturformål (370, 373, 375, 377, 383, 385,386)*

- Opprusta gamle kinosalen til eit godt lokale for akustisk musikk og teaterframsyningar (jf. KST –vedtak) (I)
- Innføre ordning med kulturkort for ungdom f.o.m. 8. klasse, slik at dei unge får rimeleg tilgang til idretts- og kulturarrangement,(t.d. rimeleg kinobill, konsertar m.m.) (D)
- Opprette stilling som kommunal kontaktperson og samarbeidspart for kultur, idrett og friviljug lagsarbeid (D)

Kyrkjer (390, 392,393)*

- Tilrettelegge for universell utforming (I)



Vinjetunet (foto G.Bergo)


11. NÆRINGSUTVIKLING , ARBEID OG INTEGRERING

Voss har eit allsidig næringsliv. Det omfattar offentleg/ privat tenesteyting, varehandel, reiseliv, landbruk, bygg og anlegg og industri. Tal arbeidsplassar i landbruket har vore i nedgang over fleire år. Utanom ein markert vekst i bygge- og anleggverksemd og delvis også i bergverksdrift og offentleg administrasjon er endringane relativt små (tabell 15).

Tabell 15 Sysselsette per 4. kvartal 2013 i Voss kommune (SSB).

	2008	2009	2010	2011	2012	2013
Jordbruk, skogbruk og fiske	424	408	384	382	348	354
Bergverksdrift og utvinning	170	171	190	186	215	221
Industri	455	419	388	380	363	378
Elektrisitet, vann og renovasjon	115	107	121	127	126	127
Bygge- og anleggsvirksomhet	722	720	753	814	854	909
Varehandel, reparasjon av motorvogner	1 109	1 070	1 068	1 073	1 024	1 019
Transport og lagring	375	368	383	400	392	388
Overnattings- og serveringsvirksomhet	408	383	403	399	372	415
Informasjon og kommunikasjon	91	92	101	97	96	93
Finansiering og forsikring	87	83	84	77	81	79
Teknisk tenesteyting, eiendomsdrift	270	284	283	296	295	285
Forretningsmessig tenesteyting	163	162	155	153	175	194
Off.adm., forsvar, sosialforsikring	278	291	292	303	334	342
Undervisning	638	647	642	667	672	664
Helse- og sosialtjenester	1 621	1 630	1 663	1 678	1 675	1 659
Personlig tenesteyting	240	255	254	226	214	229
Uoppgitt	26	35	28	26	26	27

Innan reiselivsnæringa har talet på kommersielle gjestedøgn (hotell) er gått ned (jf. fig.4)



Figur 4. Tal gjestedøgn (hotell) og marknadsandel (% av landet) i Voss kommune.

Men talet arbeidsplassar og utviklinga i næringslivet er ikkje nok til å oppretthalde eller få vekst i folketalet. Hovudutfordringa er dermed stadig både å ta vare på noverande arbeidsplassar og å leggja til rette for nye. Voss må bli ein attraktiv etableringsplass.

Med si sentrale plassering i det vestnorske fjord- og fjellandskapet har Voss potensiale til stor vekst innan reiseliv. Oppretthalding av kulturlandskap, landbruk og landbrukstilknnytta næringsliv er viktige faktorar her.

Som regionsenter bør det vera mogleg få etablert fleire tenester som dekkjer større geografiske område, for eksempel private konsulenttenester, handel og kompetansearbeidsplassar.

Kommunen skal leggja til rette for gode oppvekst- og levevilkår, kulturopplevingar, gode utdanningstilbod, arbeida for eit levande og attraktivt sentrum og ei vakker bygd, dvs. vera samfunnsutviklar.

I høve til næringslivet er kommunen i hovudsaka tilretteleggjar og koordinator. Dvs. tilretteleggja for næringsliv og næringslivutvikling gjennom planavklaringar og infrastruktur, tilgang nærings- og bustadtomter, føreseielege rammevilkår der kommunen avgjer, aktiv tilrettelegging, støttespelar og oppstartshjelp for etablerar.

Næringslivet har ansvaret for å driva driva og utvikla verksemdene, sikra gode og stabile arbeidsplassar m.v.. Dvs. at kommunen til vanleg ikkje skal driva næringsverksemd

sjølv eller via egne selskap. Dette kan likevel vera aktuelt i på område med stor samfunnsmessig eller lokal betydning (F.eks. Voss energi, IHM, Hagahaugen.)

Også næringslivet har eit samfunnsansvar, m.a. i høve til klima/Co2 utslepp, estetikk m.v..

Samarbeid, kommunale verkemiddel, interkommunalt samarbeid m.v.

Samarbeid, både innan næringslivet og mellom kommune og næringsliv er ein sentral suksessfaktor.

Det må derfor vera ein hyppig kontakt mellom kommune og næringsliv, f.eks. gjennom eit kontaktutval. Der skal også ramevilkår som kommunen kan påverka, vurderast årleg.

Administrativ og politisk organisering av kommunalt tiltaksarbeid, og samarbeidet med næringslivet, bør vurderast med jamne mellomrom.

Kommunale tiltak må byggja på overordna mål i kommuneplanen og kortsiktige og langsiktige tiltak i underliggjande planar.

Samstundes er det svært viktig med ei kvalitativ god og rask saksbehandling når ulike einskildtiltak er aktuelle.

For nye verksemdar skal oppstartshjelp vera tilgjengeleg, m.a. gjennom støtte frå Kraftfond og ved å formidla kontakt til regionale og statlege støtteordningar, kunnskapsbasar, aktuell forskning o.l..

Ei stor utfordring er tilrettelegging av attraktive areal/tomter for bustader og næringsliv, for bustadar særleg sentrumsnært. Det må gjerast ei snarleg vurdering av korleis dei kommunale tiltaka best kan organiserast. .

Næringsutviklinga må skje i eit nært samarbeid med nabokommunar og regionalt.

M.a. føreset ei naturbasert reiselivsutvikling samarbeid over kommunegrensene.

Samarbeidet med sognekommunar skal vidareutviklast, samarbeidet med

Hardangerkommunane forsterkast, og vestover mot Vaksdal og Bergen utviklast.

Mangelen på næringsareal i Bergensområdet tilseier ei aktiv marknadsføring av ledige areal her.

Det er viktig å spela på lag med regionale (fylkeskommunale) planar og her då også aktiv nytta seg av statlege og fylkeskommunale støtteordningar, som SIVA, Innovasjon Norge, fylkeskommunen sine prosjektmidlar.

Arbeid og integrering.

Voss kommune har i dag grupper av innbyggjarar som av ulike årsakar ikkje kan delta på alle arenaer i lokalsamfunnet. Desse utgjer ein betydeleg ressurs for kommunen, og i lokalsamfunnet. Deltaking i arbeidslivet er ein viktig nøkkel til å bli inkludert.

Voss er ein kommune som også har mange nasjonalitetar, innvandrarak og flyktningar. Også desse vil vera svært viktige for at Voss kommune skal klara å løysa sine utfordringar i framtida.

Det finst mange og ulike tiltak. Det kan nemnast: Bustadformidling - å ha ein trygg plass og bu er ein føresetnad for å kunne stå i arbeid, individuelle tenester etter sosialtenestelov og kommunehelsetenestelova, ulike arbeidsmarknadstiltak, kvalifiseringsløp for arbeid (kvalifiseringsprogrammet, introduksjonprogrammet, arbeidsavklaring), varig tilrettelagte arbeidsplassar, samarbeid med Røde Kors: flyktningguide, kvinnegruppe og leksegruppe

Voss kommune er ein mangfaldig organisasjon som har mykje å bidra med

Hovudutfordringa er at dei ulike tiltaka og aktørarane spelar på lang, og at den einskilde sjølv er motivert og i stand til å delta aktivt i arbeidsliv og lokalsamfunn.

Utsette grupper har relativt låg deltaking i lagslivet. Det er ein mangel på sosiale treffplassar

Det er i dag mangel på ulike typar arbeidsplassar til personar med varig nedsett arbeidsevne, og mangel på variasjon av tilbud til personar som treng anna type arbeid. Tilgang på arbeids- og praksisplassar er best på arbeid som har låg status. Kommunen bør aktivt arbeid for å få meir varierte arbeidsplassar.

Voss kommune som arbeidsgjevar har eit uutnytta potensiale i høve til arbeidstreningstilbod.

Mangel på arbeidsplassar medfører at det er ein lekkasje av ressursar ut av kommunen. Eit godt opplagt introduksjonsprogram er viktig for at flyktningar ikkje snarleg flyttar vidare til andre kommunar. Mange innvandrarak er ressurspersonar på sine felt.

- Mål :
- *Alle innbyggjarar skal oppleve å vera inkludert i lokalsamfunnet. Økonomisk sjølvstende og aktiv samfunnsdeltaking er det langsiktige målet, dvs. at arbeid og aktivitet står sentralt.*
 - *Alle som er i yrkesaktiv alder bør ha eit tilbud om arbeid eller aktivisering. Fleire funksjonhemma må koma i ordinært arbeid. Eit viktig*

tiltak her er å auka talet på, og breidda i type praksisplassar, i samarbeid med NAV, bedrifter og eventuelt nabokommunar.

- Innvandrarak og innflyttarak skal oppleva tryggleik og respekt i sitt nærmiljo og i bygdesamfunnet. Lagsliv og organisasjonar innan idrett og kultur må ta kontakt med nyttilflytta og tilby dei medlemskap.

- Det må sikrast god norskopplæring for alle som treng det, inkl. fremja deltaking i tilrettelagt norskopplæring.

- For framandspråklege er det også viktig at kommunen er pådrivar for tidleg start i barnehage. Eit god opplegg i skulen, SFO tilbod for dei som ynskjer det, og tilbod om leksehjelp, er viktig for god integrering.

- Vidare må samarbeid med bedrifter og organisasjonar i arbeidslivet styrkjast med tanke på å fremma rekruttering av arbeidstakarar med innvandrarakgrunn, og kommunen sine egne tenester må vera aktiv i å rekruttera arbeidstakarar med innvandrarakgrunn.

- Vidare samarbeid med Røde kors, og oppfordring til andre lag om å bidra til å skapa sosiale treffplassar og deltaking i lagsliv.

- Leggja til rette for ei framtidsretta næringslivsutvikling, med spesiell fokus på reiseliv, landbruk og småskala næringsliv

11.1. REISELIV

Voss har natur- og kulturressursar som gjer området til eit attraktivt reisemål, både sommar og vinter. Reiselivsnæringa er svært viktig for sysselsetjing og verdiskaping i Voss. Frå 2012 har Destinasjon Voss drifta turistinformatjonen i kommunen.

Det er trong for vidare utvikling av reiselivstilbodet, merkevarebygging, marknadsføring og tilrettelegging og drift av fellesgoder.

Målsetjinga er lønsemd og berekraftig utvikling i samtlege sektorar innan reiselivsnæringa med fokus på natur, oppleving, kultur, mat – kortreist mat - og helse.

Den nasjonale og internasjonale satsinga på økoturisme og berekraftig reiseliv samsvarar godt med Voss sine ressursar og profilen som reiselivsdestinasjon.

Voss kommune ønskjer å bidra til vidareutviklinga. Dette skal skje gjennom samarbeid med reiselivsaktørane om oppfølging av vedtatt reiselivsplan, og i tråd med oppsett ansvars- og arbeidsdeling. Dette inneber for kommunen m.a. å halda fokus på hovudmål

og tiltak, følgja opp handlingsplanar, sikra areal, god samhandling, eit attraktiv og levande sentrum med fleire aktivitetstilbod.

Framhaldande deltaking i og vidareutvikling av arbeidet med verdensarvsparken i Nærøyfjorden er viktig.

Voss kommune må vera aktiv for å sikra raske og gode kommunikasjonar til og frå Voss. Direkte flysamband til Bergen og raskt samband til/frå Voss, båtsamband England og utbetring av togtilbodet er sentrale faktorar. Medeigarskap i Business Region Bergen skal styrka Voss som regionsenter.

Mål : - *Voss skal vera leiande i Skandinavia innan natur- og kulturbasert reiseliv.*

11.2. LANDBRUK

Voss er største jordbrukskommunen i Hordaland med 383 føretak (aug. 2014) som søker om produksjonstilskot. 40 av desse er reine fôrprodusentar, 1 er økologisk grønsaksprodusent, medan 342 har husdyr. Jordbruksareal i drift som det vert søkt produksjonstilskot på er 50 380 dekar (aug 2013). Sysselsetjinga i landbruket og jordbruksareal i bruk, har over fleire år gått ned. Sidan 2009 er det ein nedgang på 11 % for jordbruksareal som vert søkt produksjonstilskot på. Dette er areal som er bygd ned, gått ut av bruk eller ikkje vert søkt om tilskot på. Utøvarane i landbruket orienterer seg stadig sterkare mot nye inntektsvegar.

16 bruk (4,1 %), har pr. august 2014 økologisk fôrproduksjon. Av desse er 13 godkjente for økologisk husdyrproduksjon. Statleg mål er at 15 % av landbruket skal vera økologisk innan 2015. Dette er ein svak tilbakegang. Nye brukarar kjem til men bortfallet er større.

Landbruket si primær oppgåve vil framleis vera å produsere rein og trygg mat av høg kvalitet. I tråd med den nye landbrukspolitikken vil ei berekraftig forvaltning av fellesgode som kultur- og naturlandskap vera viktig.

Landbruksareala i kommunen vart i 2006 verdisett etter jordbrukskvalitet og førekomst av kulturlandskap/kulturminne. Spesielt verdifulle areal vart definert som kjerneområde, og desse områda er særleg viktig å sikre som jordbruksareal. I 2013 vart det gjennomført ny vurdering av kjerneområda for sentrumsnære areal.

I 2009 starta Voss kommune opp med retting av kart som viser arealressursar og arealtal for kvar enkelt landbrukseigedom, Gardskart. Det har vore eit omfattande arbeid, der kommunen no har ansvar for årlege oppdateringar av desse karta i samarbeid med Norsk

institutt for skog og landskap og Statens kartverk. Statestikk (2013) frå karta viser at i Voss er det 34 753 dekar fulldyrka (2 %), 6 108 dekar overflatedyrka (0,4 %) og 17 276 dekar innmarksbeite (1 %), samla jordbruksareal på 58 137 dekar.

Sterke og veike sider ved landbruket i Voss.

Med grunnlag i den varierte bruksstorleiken har Voss lang tradisjon for tilleggsnæringar. Med levande kulturlandskap, store skog og utmarksressursar, og ei sterk reiselivsnæring, ligg forholda til rette for alternative inntekter. I tillegg ligg Voss nær den kjøpekraftige marknaden i Bergen by. Voss har sterke mattradisjonar og eit merkenamn som er lett å selje.

Gjennomsnittsbuarea er små, og lønsemda innan tradisjonelt landbruk er låg. Ved oppstart er småskalaproduksjon lite lønsam og det vil difor vere ei utfordring å få til ein større og lønsam produksjon for den enkelte.

Utfordringane:

Matproduksjon.

Det vil vere viktig å leggje forholda til rette for å ha effektiv og lønsam drift i landbruket, utan at ein får ein kvalitetsreduksjon. I tillegg til produksjonen av råvarer er det viktig å satse på lokal foredling. Etterspurnaden etter kortreist mat er veksande. Kortreist mat kan styrke matgleda for dei fastbuande og vera eit opplevingstilbod for dei tilreisande.

Kulturlandskap.

Produksjonen av mat har vore hovudmålet. Velstelt kulturlandskap er eit delmål. For reiselivsbygda Voss vil levande kulturlandskap vere ein viktig føresetnad for å trekkje turistar, og det vil difor vere ei utfordring å få til eit lønsamt samarbeid mellom bonde, kommune/stat og reiseliv. Husdyrhald og beitebruk, vil vere ei viktig brikke i arbeidet for å hindra gjengroing og halde kulturlandskapa i hevd i heile kommunen.

Jordvern.

Det skal gode og veldokumenterte grunnar til for å kunne omdisponere landbruksareal til andre føremål. Dette gjeld i særstilling områda som er definert som kjerneområde landbruk. Om utbyggingsplanar likevel vert realiserte, skal matjord takast vare på og fortrinnsvis til oppdyrking av nye areal som erstatning for nedbygd areal. Om eventuelle planar ikkje vert realiserte, skal området gå attende til landbruksføremål. Eit nedlagt/fråflytta bruk skal i utgangspunktet ikkje ha svakare vern mot omdisponering enn eit bruk i drift. Areal vil liggje der som ein framtidig ressurs.

Skogbruk

Voss har store ressursar i skogen og er den største skogkommunen i Hordaland. Skog som vart planta tidleg på 50-talet, i skogreisingsperioden, byrja no å verta hogstmoden. Uttak av tømmer frå skogen på Voss er aukande. I 2013 vart det hogge 64 000m³. Mykje

av skogen vert foredla lokalt, ved Granvin Bruk i Granvin og Hordaland Bioenergi sine anlegg på Voss.

Standarden på dei kommunale vegane må forbeholdt slik at transportkostnaden kan reduserast gjennom større last pr. tur.

Kompetanse.

Kommunen medverkar til at det er ei godt utbygd rådgjevingsteneste med landbruksfagleg kompetanse innan næringsseksjonen.

Tilleggsnæringar.

-Høve for grunneigarar å byggje småkraftverk i dei vassføringane der det ikkje vil kome i konflikt med ålmenne interesser eller overordna vern.

-Hest er ei viktig tilleggsnæring for mange bønder på Voss. Det er eit mål å få til ein kombinert trav-/treningsbane og utstillingslass i planperioden.

-”Inn på tunet”, dvs opplegg i samarbeid med oppvekst- og helse- og sosialtenester, kan verte ei aktuell inntektskjelde for enkelte gardsbruk, og auke aktiviteten/sysselsetjinga ute i grisgrendte strøk.

Miljø.

Voss, som resten av verda, er inne i ein usikker periode der me ikkje har oversikt over framtidige miljøendringar. For å stå best mogleg rusta må me leggje opp til eit robust/varierte og berekraftig landbruk i kommunen. Me må syte for at landbruket ikkje ureiner og at det er rom for fleirbruk av areala. Det er og viktig å satse på bioenergi og å minske transportavstandane i landbruket.

Ei utfordring på miljørada er spreiding av naturgjødsel på hausten (etter slått). Grunnen til at dette skjer er at gjødsellagera ofte er for små. Tidlegare vart gjødsellager dimensjonert for 8 månader, medan det i dag vert lagt til grunn 10 månader. Løysinga er såleis å auka lagerkapasiteten. Dette er ei utfordring når næringa slit med låg lønnssevne. I juni 2014 fekk Voss kommune ei lokal forskrift om spreiding av husdyrgjødsel. Forskrifta omhandlar spreietidspunkt og spreiereglar i kommunen.

Klimatilpassing

Voss kommune er ein av 8 kommunar som deltek i det nasjonale klimaprojektet ”Noradapt”. Det er her fokus på klimasårbarheit i landbruket. Resultata så langt viser at forventa klimaendring vil kunne føre til både positive og negative endringar i landbruket. T.d. kan varmare klima kan medføre lengre vekstsesong og større avlingar medan meir nedbør kan føre til auka erosjon og roteskader. For å kunne møte dei nye rammevilkåra på ein systematisk måte blir det utarbeida ein sårbarheitsanalyse med tiltak for å redusere verknadane av dei forventa endringane.

Mål : - *Oppretthalda eit livskraftig tradisjonelt landbruk der jordvernet skal stå sterkt, og leggje forholda til rette for levande grender i heile kommunen*



Flaum i Lundarvatnet (foto G.Bergo)

11.3. ANNA NÆRING

Varehandel er i vekst i Voss, og bør i endå større grad også vera aktuell for tilreisande frå regionen og Bergen. Det er her viktig at kommunen har tilstrekkeleg med areal for handel med plasskrevjande varer.

Det same gjeld areal for entreprenørverksemder og transportverksemder.

Med tanke på arealkrevjande verksemder og industri, er det viktig med snarleg tilrettelegging av tilgjengeleg areal på Istadmyrane. Nærleiken til kai i Granvin er og verdifull.

Som regionsenter bør Voss i endå større grad kunna yta private tenester på ulike område som bygg, økonomi/rekneskap, helse, juss. Dette er også ofte kompetansesarbeidsplassar som unge, velutdanna menneske ønskjer tilgang på for å busetja seg. Det er då også viktig at kommunane kan tilby utdanning på høgskule- og universitetsnivå.

Oftast har slike tenester ei spe byrjing – er ein del av såkalla småskala næringsliv. Kommunen si næringsavdeling i samarbeid med Næringshagen på Voss, må vera ein aktiv hjelpar for gründerar.

11.4. KOMMUNAL NÆRINGSVERKSEMD

Voss kommune eig el. er medeigar i fleire aksjeselskap som driv med næringsrelatert verksemd. *Voss Eigedom AS* eig og leiger ut Høgskulebygget. Selskapet eig areal på Tvildemoen, forvaltar festa areal og eig bygningane på desse areala for utleige. *Voss Energi AS* produserer og sel energi.

Mål: - *Kommunale selskap skal forvalta kommunen sine interesser på ein rasjonell og effektiv måte.*

11.5. NÆRINGSAREAL

Voss kommune har store utfordringar med omsyn til bruk og tilgang på næringsareal. Som regionsenter må Voss ha både ein kortsiktig og langsiktig bruk og planmessig tilrettlegging. Dette gjeld på fleire område.

Service og handel.

Ikkje minst med tanke på reiselivet er det viktig å syta for at Voss sentrum også i framtida vert eit levande sentrum med eit stort utval i handel og servicefunksjonar. Dette inneber krav til god arealutnytting og medviten kommunal styring. Lengre opningstider på ettermiddag/kveld er ønskjeleg.

Handel med plasskrevande varer.

Dette er varer som har krav til store areal og som medfører stor biltrafikk, dvs. bilar, motorkøyrettøy, trelast o.l. og andre større byggevarer, større møbel, kvitevare/brunvareforretningar med lagerutsal og sal frå planteskular og hagesentra. I samsvar med kommuneplan har kommunen styrt denne type handel til Skuletadmoen, Palmafossen og i seinare tid delvis til Tvildemoen.

Det er stadig stor etterspurnad etter slikt areal. Kommunen bør her særleg ta sikte på å utvida arealet på Palmafossen og nordaustsida av vegen over Tvildemoen.

Bensinstasjonar.

Ved omlegginga av trafikken med Vangstunnel vil det vera viktig å ha areal tilgjengeleg for bensinstasjonar langs E16 og riksveg 13. Dette vil også kunna frigjera areal for sentrumsfunksjonar. Det trengst også raste plassar for tungtransport med nødvendige servicefunksjonar. Voss kommune må derfor vera aktiv for planlegging av areal til dette.

Større næringsareal:

Voss kommune ser på Istadmyrane som det viktigaste kommunale næringsområdet i kommunen og ønskjer å prioritere det i den komande kommuneplanperioden.

Ved utarbeiding av områdeplan for Bømoen bør også areal for næring leggast inn.

Det er også stor trong for areal til entreprenørverksemdulike stadar i kommunen. Det er viktig at kommunen er aktiv med planlegging for slik å kunna styra bruken til eigna areal.

Småskala næringsliv:

Det er viktig at nye etablerar, konsulenttenester og liknande har mulighet til for å leiga mindre areal og å etablere eit arbeids- og sosialt fellesskap. Dette bør vera sentralt i kommunen. Næringshagen på Voss arbeidar tett saman med Voss kommune for å leggja til rette for denne typen nettverk og kunnskapssenter.

Reiseliv:

Med tanke på den langsiktige utviklinga av reiselivet er det viktig med medviten planlegging og arealbruk i aksen sentrum – Tvildemoen – Bømoen..

Aktuelle underliggjande planar ;

- *Strategisk næringsplan for Voss kommune, 2012-2015*
- *Kommunedelplan for reiseliv, 2009-2017*
- *Landbruksplan, 2003-2006*
- *Hovudplan for skogsveggar 2013-2025*

Handlingsprogram 2015-2018 (prioriterte tiltak utover dagens drift)

I = investering, D = drift

*KOSTRA funksjon

Næringsliv (320,325,329)*

- Aktivt samarbeid om å realisera reiselivsplanen, m.a. med betre samordning og organisering. (I,D)
- Kommunen sin strategiske næringsplan skal følgjast opp (I,D)
- Rullera og samordna strategisk næringsplan, reiselivsplanen og landbruksplanen.(D)
- Kommunen må vera aktiv i tilrettelegging for nye næringsareal, m.a. må ein snarast få tilrettelagt unytta areal på Istadmyrane (I)
- Det skal lagast ein plan for å fortette sentrum slik at viktige servicefunksjonar kan ivaretaast både som regionsenter men også som eit attraktivt sentrum for ein internasjonal turistdestinasjon. For å utvikle sentrum på ein framtidretta måte er det viktig å finne ein balanse mellom miljøkvalitetar, parkering og tilkomst
- Sikre eit godt gjennomført introduksjonsprogram som gjer at flyktningane vert buande i kommunen (D)

- Kommunen skal ha praksisarbeidsplassar for flyktingar (D)
- Bindande samarbeid med næringslivet og organisasjonar slik at dei kan tilby praksisarbeidsplassar (D)
- Samarbeid med bedrifter og organisasjonar i arbeidslivet for å rekruttere arbeidstakarar med innvandringsbakgrunn (D)
- Sikre god norskopplæring (d)
- Vere pådrivar for tidleg start i barnehage for framandspråklege (D)
- Samarbeid med frivillig lagsliv for å skapa sosiale treffplassar og deltaking i lagsliv

12. KOMMUNAL TILRETTELEGGING OG TEKNISKE TENESTER

12.1. BUSTADBYGGING

Talet på byggemelde bustader har vore fallande dei siste 10 åra i kommunen (fig.5).




Fig. 5 Byggemelde bustader 1975- 2011

I perioden 2009 - 2013 vart det godkjend 266 nye bustadeiningar, som tilsvarar gjennomsnittleg 53 busttader pr. år (tabell 16).

Tabell 16.Statistikk byggesaker 2007-2013

År	2013	2012	2011	2010	2009	2008	2007
Innkomne byggjesøknader	359	463	381	422	375	347	362
Innkomne frådelingssøknader	69	75	54	60	42	57	54
Innkomne seksjoneringssøknader	17	12	15	12	9	14	14
Totalt	445	550	450	494	426	418	430
Godkjende husvære/bustader	89	48	64	31	34	53	116
Godkjende hytter/fritidshusvære	124	75	122	75	47	49	124
Frådelingssøknader, behandla	63	34	55	62	42	49	43
Dispensasjonar frå kommuneplan	12	4	6 1)	15 1)	19 1)	24 1)	24 1)
Dispensasjonar frå reguleringsplan	18	9	11 2)	5 2)	13 2)	13 2)	16 2)

1) gjevne dispensasjonar frå arealføremåla i kommuneplan. Delegerte vedtak,(bustader i LNF er ikkje tatt med,,vedtak vert gjort i FPL). 2) gjevne dispensasjonar frå føreseigner og arealføremål i gjeldande reguleringsplanar. Delegerte vedtak.

Det er ein nedgang i høve perioden 2005-2009 der talet var 88 bustader pr år. Tidlegare utbygging av blokker har vore med og betra bustadtilbodet i kommunen. Desse blokkene har vore eit godt tilbod for personar i ulike livsfasar og skapt eit meir variert tilbod om bustader i kommunen. I kommuneplanen er det no avsett fleire større område med sentrale tomter.

Det er eit mål å auka folketalet i kommunen, m.a. ved å tilretteleggja for fortetting og realisering av nye bustadareal. Det vil her vera spesiell fokus på å få auka tilgangen på sentrumsnære bustader for ulike grupper. Bygningsmassen i kommunen er generelt av eldre årgang med overvekt på store einebustader. Framover vil det derfor vera trong for å byggja leilegheiter og mindre bustader. Dette m.a. for å kunna ta del i den kraftige folkeveksten som er forventa i Bergen dei næraste 10 -åra.

Ny revidert reguleringsplan for Tvildemoen er vedtatt. Det er lagt til rette for stort tal nye bustadeiningar, reine bustadområde og kombinert bustadområde med næringsføremål. Det er og planar om ny bustadbygging på oppsida av riksvegen på Tvildemoen. På Nyre er eit stort område regulert til ca 300 nye bustadeiningar. Det er og starta opp reguleringsplaner som skal leggje til rette for nye sentrumsnære bustader langs Vangsvatnet.

Sentrumsnære bustader vil ha miljømessige føremoner ved at folk får mindre transportbehov i samband med daglege gjeremål. For å sikre god arealdisponering, utnytting av eksisterande infrastruktur og redusert transportbehov vil ein stimulere til fortetting med høg utnyttingsgrad i eksisterande busetnad. Dette gjeld både på ledig areal og som erstatning av eksisterande bygg som ikkje lengre er økonomisk eller teknisk tenelege. Dette inneber m.a. at ein på "flatvengen" bør kunne byggje noko høgare enn i dag, så lenge dette vert avstemt med den kulturhistoriske bygningsmassen i området.

Fleire og større område for spreidd bustadbygging er innarbeidd i arealdelen, og eigne retningsliner for slik utbygging er utarbeida. Det bør her leggjast stor vekt på å lokalisere nye bustader til område med eksisterande infrastruktur som skule, barnehage, idrettsplass, kollektivtilbod m.v.. Erfaringar viser at det er vanskeleg å oppretthalda fullverdige tilbod i alle bygdesenter. I planperioden bør derfor framtidig bustadbygging og annan tilrettelegging styrast sterkare mot eigna område (jf. retningsliner for senterstruktur og omsynsoner).

Ved all bustadbygging må det utførast risiko- og sårbarheitsanalyser. Universell utforming og estetikk skal vera eit viktig tema i samband med ny bustadbygging.

Det er eit mål å få klare grenser mellom ulike arealformål (som bustader og fritidsbustader) og tilsvarande klare grenser mellom bustader og landbruksområde (jf. temakart over sentrumsområdet).

I høve til forventa folketalsutvikling har kommuneplanen tilstrekkeleg tilbod om bustader i komande 12-års periode . Dette føreset likevel at dei aktuelle tomtene vert detaljregulert og tilrettelagt. Ved neste rullering av kommuneplanen bør ein på nytt vurdere trongen for ytterlegare tilgang til sentrumsnært bustadareal.

Kommunen har eit spesielt ansvar for å ha tilbod om bustader for eldre og vanskelegstilte. I dag har kommunen 122 slike bueiningar og disponerer ytterlegare 22 gjennom framleige. Voss kommunale Bustadstifting har i tillegg 127 bueiningar. I planperioden bør det ytterlegare skaffast min. 12 bueiningar pr. år for dei som av ulike grunnar treng hjelp til å skaffa seg bustad (jf. handlingsplan for bustadetablering).

- Mål :
- *Alle som bur i eller flyttar til kommunen skal ha eit godt butilbod. Så langt det er mogleg skal det leggjast til rette for universell utforming.*
 - *Leggja til rette for avgrensa ressurs- og transporttrong ved framtidig utbygging.*



Palmafossen- Rene (foto G.Bergo)

Handlingsprogram 2015-2018 (prioriterte tiltak utover dagens drift)

I= investering, D= drift

* KOSTRA funksjon

Kommunale bygg og bustadfelt (315, 320)*

- Leggja til rette for at det kan produserast min. 12 bustader pr. år til dei som av ulike grunnar treng hjelp

12.2. FRITIDSBUSTADER

Det er i 2014 over 3300 fritidsbustader (hytter) i Voss kommune. I perioden 2010-2013 vart det godkjent 400 nye fritidshusvære. Det er i tillegg fleire hundre ledige tomter i kommunen. Ein del bustadhus og stølshus vert også i realiteten nytta som fritidshus.

Vidare utbygging

Vidare utbygging bør i hovudsak skje i regulerte felt. Der det ligg til rette for det kan det opnast for spreidd utbygging. Ved spreidd utbygging skal avgrensing av området og tal på bueiningar gå fram av kommuneplanen sin arealdel. Fritidsbustader bygde spreidd kan i regelen byggjast ut som einskildtomter.

Tidlegare godkjende reguleringsplanar, utbyggingsplanar og disposisjonsplanar skal framleis gjelda dersom ikkje noko anna er vedteke.

Vatn og avløp

Erfaringar viser at mange eigarar ønskjer høg sanitær standard på fritidsbustadane sine. Dersom det skal leggjast inn vatn, skal det føreliggja utsleppsløyve frå kommunen, jf. § 3 i "Forskrift for utslepp frå mindre avlaupsanlegg". For fritidsbustader i regulerte felt må det gjennomførast reguleringsendring som syner om det kan leggjest til rette for VA-løysingar. Det kan stillast krav om utarbeiding av VA-plan for eksisterande felt. I uregulerte område med mykje hytter, er det utarbeidd retningsliner for korleis ein kan få til godkjente VA-løysingar

Mål : - *Legge til rette for eit godt og variert tilbod av fritidsbustader i kommunen.*

12.3. CAMPINGPLASSAR

Dei tilrettelagde campingplassane har plass til eit avgrensa tal "tilreisande vogner". I tillegg er det plassert relativt mange andre vogner meir permanent ved avtalar med grunneigar. Berre eit fåtal av desse vognplassane er godkjende via reguleringsplanar eller som byggjesak. For å få meir ordna tilhøve på desse plassane er det vedteke eigne retningsliner for campingplassar og oppstillingsplassar for campingvogner.

I utgangspunktet kan bubilar og bilar med campingvogner stogga kvar som helst, der det elles er lovleg å stogga ein bil. I sommarsesongen utgjer desse ein vesentleg del av turismen i kommunen. Kloakk og avfall frå bubilane/campingvognene kan vera eit ureiningsproblem på populære stoppestader. Det er i dag berre tilrettelagd 1 tømmeplass for toalettavfall frå bubilar/campingvogner i Voss.

Mål : - *Legge til rette for etablering av fleire attraktive campingplassar i kommunen.*

12.4. VASSFORSYNING, AVLAUP OG AVFALL

Vassforsyning

Voss kommune forsyner omlag 60 % av innbyggjarane med drikkevatt frå i alt 9 vassverk. Hovudplan for vassforsyning 1999 - 2010 vart vedteken av kommunestyret i 2001. Alle kommunale vassverk, med unntak av Bjørke vassverk, har no vorte utbygd med vassbehandlingsanlegg. Bjørke vassverk skal etter planen knytast til Vossevangen vassverk gjennom Bømoen, og at dette arbeidet vil måtte skje i næraste framtid.

Vassverk og viktige grunnvassressursar er vist som omsynsonar kommuneplanen sin arealdel.

Mål : - *Skaffa abonnentane nok vatn, av god kvalitet, og med sikker forsyning gjennom effektive vassverk baserast på gode kjelder*

Avlaup

Hovudplan for avlaup 1997 - 2005 er vedteken i kommunestyret 1997 som kommunedelplan. Hovudplanen inneheld saneringsplan med handlingsplan for Vossevangen reinsedistrikt og dei mindre reinsedistrikta i Voss kommune. Fem mindre reiseanlegg (Vinje, Sundve, Evanger, Bolstad og Haugsvik) er under utskifting og vil stå ferdig i løpet av 2015. Ny hovudplan for avløp inkludert saneringsplan for Vossevangen reinsedistrikt (2015-2019) er under arbeid og er planlagt fullført hausten 2014.

Kommunen har i dag ansvar for å handsama landbruksforskriftene etter forureiningslova, og utsleppssøknader opptil 1000 PE og til å gje løyve til bruk av slam innan visse rammer.

Rehabilitering og fornying av leidningsnett og ombygging av punkt med driftsproblem går stadig igjen som driftstiltak. Tilsvarande systematisk utskifting av pumper og styring

Mål : - *Sikra god vasskvalitet i alle vassdrag*

Avfallshandtering

Innsamling av forbruksavfall er sett bort til Indre Hordaland Miljøverk som har ansvar for avfallsordninga i Voss og 5 nabokommunar. Kommunedelplan for avfall 2006-2009 (vedteken av kommunane i 2006), set rammene for dette arbeidet.

Kommunen har ansvar for å hindra forsøpling og arbeider systematisk for å rydda opp i ulovlege avfallsplassar. Sidan 1990 er det gjennomført opprydding på over 250 ulovlege plassar. Frå år 2000 har kommunane fått mynde for å handtera open brenning og brenning i småovnar. Det er utarbeida eige kommunal forskrift som regulerer dette.

- Mål :
- Vidareutvikla avfallsordninga i samsvar med gjeldande lover og forskrifter, med fokus på miljø og ressursar
 - Redusera mengda av kommunalt avfall

Handlingsprogram 2015-2018 (prioriterte tiltak utover dagens drift)

I = investering, D= drift

Vassforsyning, avlaup og avfall (340, 345, 350, 353, 354)

- Følgje opp plan for vassforsyning.
- Følgje opp plan for avløp



På Bømoen finst store grus og grunnvassressursar (foto G.Bergo)

12.5. FØREBYGGING OG BEREDSKAP MOT BRANN OG ULYKKER

Det vart i 2009 utarbeida ein overordna risiko- og sårbarheitsanalyse for Voss kommune. Det føreligg og ”risiko- og sårbarheitsvurderingar” for ulike temaområde. Kommunen har utført analysar av risiko- og sårbarheit i høve til vassverket i Prestegardsmoen og i høve transport og elektrisk forsyning. Det er i tillegg utført ei avgrensa kartlegging av radon i bustader. NGI/ Statens kartverk har utarbeida kart over rasfarlege område i kommunen. SFT har laga ei oversikt over område med forureina grunn (jf. temakart). Flaumsonkart for øvre deler av Vangsvatnet er utarbeida av NVE. I tillegg er det utarbeida flaumsonkart for Melsvatnet og Lundarvatnet.

Klimaendringane vil medføra høgare gjennomsnittstemperatur, meir nedbør og meir ekstremvær. Kommunen må tilpassa framtidig arealbruk i høve til dette.

" Beredskapsplan for Voss kommune" er godkjent av den administrative og politiske leiinga i kommunen. Planen vert revidert ein gong kvart år, tlf. lister vert reviderte kvart halvår.

Kommunen og sivilforsvaret sitt beredskapsmateriell vart samordna med utvidinga av Voss Brannstasjon.

Mål : - *Vern av liv og helse. Førebyggja og handtera brann og ulykker med minst mogleg skadeverknad og ulemper.*

<p>Handlingsprogram 2015-2018 (prioriterte tiltak utover dagens drift) I= investering, D= drift</p> <p>Førebygging og beredskap mot brann og ulykker (338, 339) - Nødsamband brann</p>
--

Aktuelle underliggjande planar ;

- Kommunedelplan for Myrkdalen, 2010
- Kommunedelplan Bavallen, 2007
- Kommunedelplan for hyttebygging i Voss kommune, 2004
- Hovudplan for vassforsyning, 1999-2010
- Beredskapsplan for Voss kommune (blir rullert årleg), 2002
- Kommunedelplan for avfall, 2000-2003
- Hovudplan for avlaup, 1997-2005

13. SAMFERDSLE

Voss er eit viktig kommunikasjonsknutepunkt for indre Sogn og Hordaland. Riksveg 13 sikrar viktige regionale sambindingar til Hardanger og Sogn. E 16 og Bergensbanen, som begge går gjennom sentrale delar av kommunen, gir godt samband mot aust og vest og knyter Voss til Bergen.

- 111 km Riks- og Europaveg
- 153 km Fylkesveg
- 240 km Kommunal veg
- 383 km Privat veg
- Ca 70 km Jernbane, 18 stasjonar
- Privat flyplass på Bømoen

Den nye Hardangerbrua og Vossapakko er omfattande samferdsleprosjekt som vert realisert i planperioden. Vidare føreligg det planar for opprusting av E16 Oppheim - Lundarosen. Nasjonal transportplan legg også opp til ei generell auka satsing på jernbane og realisering av Ringeriksbanen. Statens vegvesen og Jernbaneverket har gjennomført ein KVV (konseptvalutgreiing) på strekkja Arna – Voss som føreslår utbetring og nye tunnelar parallelt for bane og veg. Desse tiltaka vil få stor innverknad på trafikkmønsteret og styrkje Voss som regional trafikknutepunkt

Prognosar legg til grunn ei kraftig auke av både lokaltrafikk og gjennomgangstrafikk. Utbygginga i Myrkdalen og Bavallen medfører m.a. ein vesentelg auka trafikk på E16. Kommunen bør derfor arbeida aktivt for å auka kapasiteten på både jernbane, buss og vegnett for å møte den forventa trafikkauken.

Tiltak for å redusere miljøulemper, både lokalt og globalt, må stå sentralt gjennom planperioden. Den nyleg vedtekne *diskriminerings- og tilgjengelighetsloven* må også takast omsyn til i all planlegging av tiltak (universell utforming).

Ein har dei siste åra registrert at endringar i klima har hatt stor innverknad på samferdsle. Ras og flaum ser ut til å inntreffa hyppigare, og fokusområda for drift og vedlikehald av infrastrukturen vert endra som fylgje av mindre stabile sesongvariasjonar.

Ein gjennomgåande underfinansiering av drift og vedlikehald fører også til at det akkumulerte vedlikehaldsetterslepet er svært stort og aukande i alle sektorar

Voss stasjon vil i perioden utviklast til eit moderne, funksjonelt trafikknutepunkt for heile regionen der tog, ekspressbussar, rutebussar, turistbussar, drosjar, bilar, syklistar og gåande kan møtast på ein trafikksikker og effektiv måte. I tillegg føreligg det planar om gondolbane frå trafikknutepunktet opp til Hangurstoppen.

Mål :

- *Heilskaplege transportsystem som tek i vare trafikktryggleik og framkomst for alle trafikkgrupper, samstundes som omsynet til helse og miljø veg tungt*
- *Redusert lokalt transportbehov*

- *Betra gang- og sykkelvegnett*
- *Gode, funksjonelle og utvida kollektivtilbod*
- *Prioritera opp vegvedlikehaldet med særleg vekt på i standsett vegnettet*

13.1. STAMVEGAR

E16 frå Bergen til Oslo går gjennom store delar av kommunen. Som del av ”Vossapakko” er E16 lagt i tunnel forbi Vossevangen, opna desember . Det er vedteken kommunedelplan for utbetring/omlegging av E16 Oppheim – Lundarosen. Ein må arbeide for finansiering (NTP) og gjennomføring av denne i planperioden.

Rassikring langs E16, mellom anna i Nærøydalen, må prioriterast høgt i planperioden for å sikre trygg ferdsel og open veg. Vidare må ein fokusere på utbetring av dårleg kurvatur, farlege tunnelar og manglande vegskulder frå Bulken til Vaksdal grense.

Rv13 knyt Hardanger til E16 ved Lundarosen og Vik til E16 ved Vinje. Ny tunnel gjennom Skjervet og opprusting av parsellen Palmafossen – Mønshaugen vart ferdig i 2013. Opprustinga av Rv13 og Hardangerbrua kan føre til auka aust-vest trafikk over Hardangervidda via Voss, og gjere Voss til eit endå viktigare knutepunkt.

Voss kommune vil arbeide for at sikker heilårsveg til Vik, evt med ny tunnel, vert prioritert.

Ein må vurdere trongen for trafiksikringstiltak og utbetring av flaskehalsar som fylgje av store utbyggingar av fritidsbustader og skianlegg, særleg i Myrkdalen og Bavallen. Ein må også ta omsyn til kapasiteten på vegnettet ved planlegging av store utbyggingar. God utforming av kryss/rundkøyringar er viktig.

Det bør leggjast betre til rette for turistar og langtransportnæringa med gode raste- og kvileplassar. Ein bør rydde fritt utsyn til vassdrag og kulturlandskap langs vegen.

Mål :

- *Trafikksikker, oppgradert, god riksvegstandard på E16 mellom Bergen og Sogn grense og rv 13 gjennom Voss til Sogn grense.*

Kommunen ynskjer å få gjennomført fylgjande tiltak på stamvegane kring Voss:

<i>Pri*</i>	<i>Tiltak</i>
	<i>E16 Lundarosen – Sogn grense inn i NTP i perioden</i>
	<i>Reguleringsplan Skulestad – Oppheim</i>
	<i>Dersom parsellvis utbyggingSkulestad-Oppheim vert følgjande prioritert: Utbetring av E16 gjennom Skulestadorrådet Heving av E16 ved Skromle bru</i>

	<i>Utbetring Åsbrekkegjelet – Humlebrekke Utbetring Sundve – Vinje Sikker tilgang til sports -og friluftaktiviteter langsmed elva</i>
	<i>Heilårsveg med ny tunnel til Vik over rv 13 Vikafjellet</i>
	<i>Rassikring E16 frå Fyrde og vidare gjennom Nærøydalen</i>
	<i>Sikker E16 til Bergen. Standardheving av E16 mellom Voss og Vaksdal grense</i>
	<i>Betre veglys i ein del tunnelar på E16</i>
	<i>Utbygging av kvileplass for langtransportnæringa på E16 og rv13</i>
	<i>Omlastingsplassar for transportnæringa, særleg ved overgang til enklare vegnett</i>
	<i>Arbeida for å få Statens vegvesen til å ta ansvar for brannsikring av tunnelar.</i>
	<i>Utbetring av Uttrågata/Evangervegen frå Svartenakken til Strandavegen etter at Vangstunnelen er bygt og sett i drift.</i>
	<i>Ombygging av Uttrågata/Evangervegen frå Svartenakken til Strandavegen etter omlegging av E16 forbi Voss sentrum.</i>

13.2. FYLKESVEGAR

Frå og med 1. januar 2010 vart alle riksvegar, unntatt stamvegar, med tilhøyrande gangvegar og anlegg gjort om til fylkesvegar. Fylkeskommunen fekk samtidig budsjettansvaret for alle tiltak på fylkesvegnettet. Statens vegvesen vil halda fram med å vere utøvande organ på vegne av fylkeskommunen.

Innafor Voss kommune vart fylkesvegnettet uendra etter omlegginga:

- FV 306 Bjørgum - Fenne
- FV 307 Raundalen
- FV 308 Ygre - Nordheim - Kløve
- FV 309 Tvinde – Nordheim – Skulestadmo
- FV 310 Bordalen
- FV 311 Vikjavegen
- FV 312 Djukastein – Bulken – Vestbygdi
- FV 313 Teigdalen
- FV 314 Bulken - Hamlagrø
- FV 315 Voss – Mølster – Skulestadmo – Bavallen
- FV 317 Vasstronde

Kommunen legg til grunn at ingen av desse vert nedklassifisert til kommunal veg i perioden, og i så tilfelle at dei vert rusta opp til tenleg stand innan det vert gjort. Det kan verte nokre mindre endringar som fylgje av planlagde omleggingar og utbetringar.

Standard på fylkesvegane i Voss kommune er generelt svært dårleg, og mange av dei er lite tenelege for den funksjonen dei skal ha. Det er mellom anna omfattande utfordringar med bærelag, kurvatur, flaskehalsar og trafikksikring.

I samband med at fylkeskommunen har overteke som vegeigar, har dei også teke over ansvaret for vegljøs og ferister langs fylkesvegane. Tidlegare var kommunen pålagd drift og vedlikehald av desse. Ein bør arbeide for at fylkeskommunen på same måte også overtar drift og vedlikehald av gang- og sykkelvegnettet langs fylkesvegane.

Det er planlagd ny fv315 til Bavallen. Første del av tiltaket er forskottert av Voss kommune og Voss Resort (utbyggar i Bavallen). Traseval for fylkesvegen er avklara og vert tilknytt E16 ved rundkøyringa utom Vangstunnelen på Ringheim/Lundarosen.

Raundalsvegen er viktig i høve busetting og aktivitet oppover dalen. Veggen treng sårt til opprusting. Viktig funksjon som sambindingsveg i høve sykling Rallarvegen til Voss. Opprusting av flaskehalsar, reasfaltering og fjerning av hindringar for å oppnå standard med 18,75m vogntog og 10 tonn akseltrykk.

Mål :

- *Arbeida for å heva standarden generelt på det fylkeskommunale vegnettet gjennom å redusere vedlikehaldsetterslep, flaskehalsar, driftsproblem, dårleg dekke/bæreevne, dårleg kurvatur.*
- *Prioritera dei mest trafikkerte vegane.*

Kommunen ynskjer å få gjennomført fylgjande tiltak for fylkesvegane:

Pri*	Tiltak
	<i>Ny veg til Bavallen frå E16</i>
	<i>Utviding av veg til Mølster +opparbeiding av betre snuplass ved Mølstertunet</i>
	<i>Omlegging av veg på Kyte</i>
	<i>Raundalsvegen, utbetring, standardheving</i>
	<i>Etablering av rundkøyring i kryss mellom rv13 Hardangereggen, fv311 Gjernesvegen og fv310 Bordalsvegen</i>

13.3. KOMMUNALE VEGAR

Voss kommune har eit omfattande kommunalt vegnett:

- 240 km kommunal veg
- 135 km asfalt/oljegrus
- 105 km grusdekke
- 6 km gang- og sykkelvegar
- 106 bruer, spenn opp til 100 m

- 6 tunnelar (Jordalen, Bordalen, Hernes)

Det kommunale vegnettet har gjennomgåande svært dårleg tilstand. I 2009 vart vedlikehaldsetterslepet i Voss kommune rekna til mellom 250 og 350 mill kroner. Dette skuldast auka bruk og belastning saman med langvarig underfinansiering av vedlikehaldet, særleg til reasfaltering.

Voss kommune har meir enn dobbelt så mange km kommunal veg pr innbyggjar samanlikna med landsgjennomsnittet. Dette har medverka til at ressursbruken pr løpemeter kommunal veg har vore svært låg over mange år. Problemstillinga kring manglande ressursar kan løysast anten gjennom auka løyvingar til vedlikehald eller at ein går inn i ein prosess der ein reduserer tal km kommunal veg. Eventuell overføring av einskilde kommunale vegar til private vil i iflg veglova først kunne skje etter opprusting av desse vegane etter gitt standard.

I samband med innføring av eigedomsskatt i Voss kommune vart det avsett midlar til vegutbetringar i ei eige vegpakke på 35 mill kr. Tiltaka vart utført i perioden 2010 – 2014. Det er ikkje avsett investeringsmidlar til vegutbetringar i økonomiplanen for 2015 - 2019.

Mål :

- *Heva standarden generelt på det kommunale vegnettet gjennom å redusere vedlikehaldsetterslep, flaskehalsar, driftsproblem, dårleg dekke/bæreevne, dårleg kurvatur*
- *Tilfredsstillende krav i diskriminering og tilgjengelova og plan og bygningslova for alle planlagde nye tiltak, utbetringar og tenestenivå.*
- *Utarbeida eit reasfalteringsprogram som del av revidert vegplan.*
- *Utbetne/vedlikehalde bruar på kommunale vegar.*
- *Samarbeide med skogbruket om påvisning og utbetring av flaskehalsar, velteplassar og møteplassar, samt eventuell finansiering.*
- *Gjennomfører trafikkisikring i tråd med vedteken trafikkisikringsplan.*
- *Rydde for å sikre utsyn til vassdrag og kulturlandskap langs vegen.*

Handlingsprogram 2015-2018 (prioriterte tiltak utover dagens drift)

I= investering, D= drift

- Utarbeide plan for sentrumsområdet med ein balanse mellom miljøkvalitetar, parkering og tilkomst (D).

13.4. KOLLEKTIVTRANSPORT

Voss er eit trafikkknutepunkt og dermed også eit kollektivknutepunkt der Bergensbanen møter ekspressbussar og lokalbussar. Voss stasjon må vidareutviklast til eit moderne, funksjonelt trafikkknutepunkt for heile regionen der tog, ekspressbussar, rutebussar, turistbussar, drosjar, bilar, sykkel og gåande kan møtast på ein trafiksikker og effektiv måte.

Mål :

- *Auka tilbodet og heva kvaliteten på lokale, regionale og nasjonale kollektivtilbod.*
- *Nytt kollektivknutepunkt med tilrettelagt bussoppstillingsplassar for bussar i rute og grei overgang mellom ulike skyssmiddel og buss.*
- *Leggja til rette for at bustadbygging, arbeidsplassar og servicefunksjonar vert samlokalisert slik at det gjev høve til rasjonelle kollektivtilbod.*
- *Ferdigstilling av reguleringsplan for Vangen vest.*

Busstransport

Pågåande planar for Voss stasjonsområde vil leggje til rette for ny oppstillingsplass for bussar i rute. Ein del av rutetilbodet vert sett opp på grunnlag av trong for skuleskyss. Målet må vera å få ned ventetid ved overgang mellom ulike kollektivreiser som td. buss – tog, mellom ekspressbussar m.m..

Fleire bussruter internt på Voss vart frå 2014 erstatta av bestillingsruter. Dette for å gjera busstilbodet meir fleksibelt for brukarar. Tiltaket skal evaluerast.

På grunn av stor forventa auke i besøkande turistbussar, vil ein tilrette best mogeleg for desse i sentrum. Ved Park Hotell og på Holbergsplass har ein reservert plassar for turistbussar.

Mål :

- *Auke tilgjengelegheit for buss m a ved fleire avgangar, betre korrespondanse mellom bussruter og mellom buss og tog for å auke effektiviteten og redusere ventetider*
- *Setja opp fleire busstur i sentrum og i distrikta.*

Drosjer

Drosjane har i dag sin drosjesentral på Hestavangen. I tillegg til vanleg drosjetrafikk har næringa kontraktskøyning, m.a. køyning av skuleborn, varetransport, sjuketransport osv.

Mål :

- *Ny permanent drosjesentral lokalisert til kollektivknutepunkt Voss stasjonsområdet.*

Jarnbane

Bergensbanen feira 100-årsjubileum i 2010. Jernbanen er inne i ei omstillingstid med krav til effektivisering og kostnadskutt. Voss stasjon vert i perioden rusta opp med ny perrong mellom spora og tilkomst til denne via kulvert.

Lokaltog på strekkja Voss Bergen har siste 10-årsperioden hatt jamt 500 000 passasjerar.

Lokaltog Bergen - Voss over Bergen	
År	Reisende
2003	475652
2004	493969
2005	502124
2006	507455
2007	511233
2008	507751
2009	490866

Lokaltog Bergen Arna	
År	Reisende
2003	769703
2004	794539
2005	801144
2006	836114
2007	858663
2008	897849
2009	894855




Fig. 6. Passasjertrafikk Voss – Bergen i perioden 2003.2009

Regiontoga har, målt på passasjerar over Finse, svinga frå høgste tal i perioden i 1991 med 720 000 reisande over Finse til 567000 i 2003 som det lågaast målte i perioden.

År	Reisetall over Finse
1987	674284
1988	654064
1989	684227
1990	682264
1991	720426
1992	702014
1993	700191
1994	692090
1995	689388
1996	694966
1997	702627
1998	688205
1999	683948
2000	662722
2001	645622
2002	614248
2003	567773
2004	625608
2005	620599
2006	627697
2007	675969
2008	702424
2009	696922




Fig. 7. Passasjertal over Finse i perioden 1987-2009

Det skal kontinuerleg arbeidast med å sikre eit best mogeleg tilbod for lokaltrafikken mellom Voss og Bergen, ikkje minst med tanke på toget som eit miljørett transportalternativ på strekkja.

Dobbeltspor Bergen Voss vil redusere pendletida vesentleg. Voss kommune vil stø ei trinnvis utbygging. Første prioritet må vera dobbeltspor Bergen – Arna.

Togmateriellet må skiftast ut og erstattast med utstyr som har høgare kvalitet og komfort, ikkje minst av omsyn til pendlarane som nyttar tog mellom Bergen og Voss. For å få ned reisetida mot Oslo er det viktig at opprusting og utbetningsarbeidet på Bergensbanen held fram. Ringeriksbanen må byggjast.

Mål :

- *Bergensbanen må vidareutviklast*
 - o *Tog Voss – Bergen ned mot 40 min*
 - o *Tog Bergen - Oslo under fire timar*
 - o *Godt, direkte kollektivsamband Voss - Flesland*
- *Voss stasjon skal utviklast til eit moderne, funksjonelt trafikkknutepunkt for heile regionen der tog, rutebussar, turistbussar drosjer, bilar, syklistar og gåande kan møtast på ein trafikkikker og effektiv måte.*
- *Godt, tidhøveleg togmaterieell må setjast inn på strekkja Bergen – Voss som gjev pendlararar og andre reisande komfortabel reise*

Luftfart

Flyplassen på Bømoen vert i dag nytta til fritidsaktivitetar og taxiflyging. Det vil også vera situasjonen i planperioden. Tilgrensande areal som kommunen har hand om, vert nytta til næringsverksemd og fritidsaktivitetar knytt til luftfart, med m.a. eigen helikopterbase. Flyplassen har i dag konsesjon for trafikk av fly med totalvekt på 5700 kg.

Det er utarbeida eit støysonekart for Bømoen (jf. arealdelen) som viser kva arealbruk som er tilrådeleg i nærområda. I samband med at Bømoen vart nedlagt som militært område, skal området regulerast og flyplassen vil takast med inn i denne reguleringsprosessen.

Mål :

- *Redusera støyulempene frå luftfart.*

13.5. PARKERING

Voss Parkering AS har hand om alle kommunale parkeringsareal store deler av private parkeringsareal i sentrum av Voss. Ein del tidlegare private parkeringsområde er i perioden regulert til avgiftsplassar styrt av Voss Parkering AS.

I reguleringsplanar for Vangen er det sett av areal til parkeringshus fleire plassar;

- Hestavangen – privat tiltak
- I aust ved Sverresplass inn i fjellet
- Under skuleplassen Vangen skule

Gjennom det pågåande arbeidet med Voss stasjon må det greiast ut moglegeit for parkeringsplassar i tilknytning til knutepunktet.

Amfisenteret er definert som ein del av sentrum og ved evt utviding av senteret vil parkeringsarealet leggjast inn under same vilkår som avgiftsparkeringa i sentrum elles.

Tabell 17. Oversikt over kommunale oppmerka parkeringsplassar på Vangen pr 01/01/2010.

Sum offentlege plassar	Med avgift	Avgiftsfri	Buss	El-bil (lading)	Handikap	Andre
1047	945	63	18	4	18	12 taxi

Fond for frikjøpsordning for parkeringsplassar i sentrum er etablert og vert disponert av Voss Parkering AS. Fondet kan nyttast til parkeringsanlegg på/ved Vangen. I tillegg til dei offentlege parkeringsplassane er det registrert ca 450 private p-plassar i sentrumsområdet.

Voss vil halde fram med differensiert parkeringsavgift i sentrum for å minske biltrafikk inn i sentrum. Parkeringstilbodet skal styrkjast i utkanten av sentrum. Gjennomgangstrafikk vert styrt gjennom Vangstunnelen og tungtrafikken vil forsvinne frå sentrum. God luftkvalitet i sentrumsområdet, spesielt på kalde vintersdagar skal vera ein viktig faktor i arbeidet med å utarbeida ein ny parkeringspolitikk for sentrumsområdet



På kalde og vindstille vinterdagar vert det fort danna eit inversjonslokk over sentrumsområdet. Eksos frå biltrafikken er hovudårsaka til dette (foto G.Bergo).

Mål :

- *Eit funksjonelt og triveleg handelssenter for alle der omsynet til mjuke trafikantar er prioriter.*
- *Redusert biltrafikk i sentrum.*
- *Leggja tilrette for ladestasjonar også utanfor Vossevangen.*
- *Leggja til rette sentrum for mjuke trafikantar ved hjelp av differensierte parkeringsavgifter, tilrettelegging av parkeringsplassar i utkantane av sentrum og etablere gågate.*
- *Parkeringshus i sentrum.*
- *Sykkelparkering i sentrum.*

13.6. TRAFIKKSIKRINGPLAN

Trafikksikringsplan for Voss kommune er rullert i 2012. Planen prioriterar trafikksikringstiltak knytt til alle delar av vegnettet og kollektivtransport, særleg med fokus på skuleveg. I tillegg er det utarbeidd ein hovudplan for sykkel og gangveggar.

Trafikksikringsplan

I planen har ein skild mellom tiltak som er på riks- og europavegar, på fylkesvegar og på kommunale vegar. Dette skuldast at tiltaka har ulike finansieringskjelder. I oversikta under har ein lista opp ei samla prioritering for tiltak på samtlege vegkategoriar i kommunen.

- Mål:
- *Trygge skulevegar i alle skulekrinsar*
 - *Utbetring av ulukkespunkt*
 - *Redusert lokaltrafikk med bil, betra gang- og sykkelvegnett*

Plan for hovednett for sykkel i Voss sentrum

I samarbeid med Statens vegvesen har kommunen utarbeida utkast til ein sykkelplan med temakart for sentrumsområdet. Planen viser noverande og framtidige sykkeltrasear og område som treng spesiell fokus dei kommande åra. Planutkastet ligg som vedlegg 11 i arealdelen.

Parkområde og miljøtiltak

Prestegardsmoen park- og friluftsområde er det viktigaste, og mest brukte friområdet i kommunen. Området er godt tilrettelagt for alle brukargrupper. Det er i tillegg sikra og opparbeidd ei rekkje andre mindre park- og friluftsområde i kommunen. Det er ei utfordring å sikra ei fullgod drift og vedlikehald av områda.

Voss er ein populær arena for mange festivalar og større arrangement, særleg i sommarhalvåret. Alle tek i bruk større eller mindre deler av Prestegardsmoen/strandsona langsmed Vangsvatnet. Det skal utarbeidast ein strandsoneplan for området mellom utebassenget og Voss vandrarheim.

Bømoen er eit viktig friluftsområde i sykkelavstand frå sentrum. Det bør koma samanhengande gang/sykkelveg både frå Vangen og frå Skulestadmoen til Bømoen.

Tømmestasjon for bular i Skulestadmoen er opna og erstattar den nedlagde stasjonen på Kvåle. Tømmestasjonen er gratis å bruke og skal vera open frå påske til medio oktober.

Mål :

- Prestegardsmoen og strandsona langsmed Vangsvatnet skal framstå som eit attraktivt friluftsområde for bygdefolk og tilreisande.
- Strandsonen skal utarbeidast og opparbeidast, gjerne parsellvis på strekkja mellom Voss vandrarheim og utebassenget.
- Utarbeide drift- og vedlikehaldsplan for parkar og friluftsområde med klare - retningslinjer for standard og ressursbruk frå kommunen si side.
- Samanhengande gang/sykkelveg både frå Vangen og frå Skulestadmoen til Bømoen
- Strandpromenade frå Lundarosen til Storrøvikje
- Promenade, badeplass og båt plass ved Framnes (skotstein frå tunnel bak Vangen).
- Luftgard for hundar nær sentrum

Handlingsprogram 2015-2018 (prioriterte tiltak utover dagens drift)

I= investering, D= drift

- Følgje opp Trafikksikringsplanen (I,D)
- Fortau langs Bordalsvegen mellom Haugamoen og Nedre Storehagen (Fv)

Aktuelle underliggjande planar ;

- Trafikksikringsplan for Voss , 2012-2015
- Stamveg kring Vossevangen, 1995
- Høyringsutkast til sykkelplan for Vangen (vedlegg 11 i arealdelen)

VEDLEGG 1.

UPRIORITERTE TILTAK I PLANPERIODEN 2015-2026

VOSS KOMMUNE SOM ORGANISASJON

- Miljøsertifisere heile kommuneorganisasjonen innan 2015
- Formidla relevant og tilstrekkeleg informasjon og utvikla samarbeidet med media, lag og organisasjonar.
- Sikra eit forsvarleg vedlikehald av den samla bygningsmassen.

MILJØVERN OG BEREKRAFTIG UTVIKLING

- Ta vare på biologisk mangfald i kommunen. Handsama tiltak i vassdrag etter prinsippa i "Differensiert forvaltning av vassdrag i Voss kommune".
- Fleirbruksomgrepet må utviklast vidare og praktiserast i det framtidige skogbruket.
- Utarbeida ein reguleringsplan for Evanger.
- Stimulera til bygging av vasskraftverk der dette ikkje vil verta til vesentleg skade for natur / miljø og andre samfunnsinteresser.

LEVEKÅR, FOR BARN OG UNGE

- Borna skal oppleve meistring i barnehage og grunnskule
- Prioritera arbeidet med trygg skuleveg med fortau, gang – og sykkelveg
- Satsing på ungdomsarbeid
- I samarbeid med lag og organisasjonar legge til rette tilbod for barn og unge med særlege behov
- Utvikla kulturskulen ved utvida tilbod for fleire brukarar
- Bygge ut tilstrekkeleg avlastnings- og fritidskontaktordningar for barn og unge med nedsett funksjonsevne

- Det skal arbeidast aktivt med tilrettelegging for integrering av barn og unge med innvandrarbakgrunn.
- Utvikla skulehelsetenesta og helsestasjon for ungdom.
- I det vidare helseførebyggjande arbeidet skal det vektleggjast å arbeide for utjamning av helse-forskjellar mellom ulike sosiale grupper og å sikre at alle barn får tiltrekkelige fysiske aktivitetar

LEVEKÅR, VAKSNE OG ELDRE

- Oppfølging av unge mellom 18 og 24 år skal ha prioritet.
- Skaffe oversikt over grunnleggjande helseutfordringar lokalt
- Styrke miljøretta helsevern, spesielt tilsynsfunksjonen
- Spissing av førebyggingsinnsats på område med dokumentert effekt som til dømes; ernæring, fysisk aktivitet, røyking, rusmiddel m.v.
- Økonomisk rådgjeving bør styrkast
- Betre tilrettelegging av praksis- og arbeidstreningsplassar i kommunale verksemdar Styrka habilitering og rehabilitering
- Byggje ut tilboda til menneske med rus- og psykiske problem
- Auka fokus på tiltak som sikrar funksjonshemma deltaking og likestilling
- Samarbeide med Ole Bull Akademiet, Vestnorsk Kulturakademi m. fl. om å nytte undervisningstilboda for løysing av kommunale oppgåver t.d. innan omskulering og flykningearbeid.

FØREBYGGING OG BEREDSKAP MOT BRANN OG ULYKKER

- ROS analyser skal brukast ved all kommunal planlegging, enten ved hjelp av sjekkliste eller som eit eige prosjekt
- Samarbeide med politi, sjukehus, sivilforsvar, forsvar og røde kors.

NÆRINGSUTVIKLING, ARBEID OG INTEGRERING

- Aktiv tilrettelegging av areal og annan infrastruktur for næringsføremål og bustader
- I samarbeid med NAV vera ein sentral aktør som tilbydar av praksisplassar og individuelt varig tilrettelagde arbeidsplassar.
- Støtta tiltak for å bevare kulturlandskapet.
- Vidareutvikla arrangørbygda Voss.
- Styrka samarbeidet mellom kommune/ region, reiselivsnæring og kompetansemiljø med tanke på vidareutvikling av Voss som reisemål.
- Aktivt arbeida for plassering av nye arbeidsplassar.
- Vurdere vidare utvikling av utdanningstilbod på høgskule- og universitetstilbod
- Arbeida for at min. 15% av landbruket i Voss bør vera økologisk innan 2020.
- Auke produksjonen og bruken av bioenergi i kommunen.

SAMFERDSLE

- Ny veg til Steine skal avvente avklåring vedk. kraftutbygging.
- Vurdera opprustning av følgjande vegar i plan for vedlikehald av kommunale vegar;
Sivlevegen: smalt parti forbi nr 19. Opprusting veg samtidig som utbyggar rustar opp fortau. ca 200m
Sivlevegen: Dårlig bereevne, manglar fortau. Mange farlege murar på veg ut – mange ulemper for naboar. Ev delvis einvegskøyning etter ny løysing på Svartenakken. Fellesprosjekt med opprusting/separering VA
Bjørkevegen byggesteg 2: nytt veganlegg ned til Bjørkemoen
Rognshagen: Dårlig bereevne, manglar og fortau. Mykje brukt omkøyingsveg, særleg større køyretøy. Fellesprosjekt med opprusting/separering VA
Istadmyrane: Dårlig bereevne og kurvatur. Ny veg som samanføyer mot utvida industriområde løyser verste partiet. Ca 500 m. (Føresett utvida industriområde)
Herresvegen: Lågt akseltrykk; dårlig bereevne, dårlig sikring, få møteplassar. Auka trafikk jf skianlegg + planl hytter. Ca 800 m. Ev ny vegtrase

Veg til Gjerald Dårlig bereevne og kurvatur. Ca 600m
Brekhuslii: Svært dårlig bereevne. Ca 1 000 m

Eideshagane: Dårlig dekke, dårlig bereevne. Vanskeleg vedlikehald. Ca 2700m

Gamle Bordalsvegen: Dårlig bereevne og kurvatur(bratt)

Urdland –Kolve Dårlig bereevne, kurvatur, murar og grøft, ca 1000m

Hernesvegen, Dårlig dekke, problem med overvatn. OK grunn. Ca 3000m

Gilgavegen: Sig i fylling/mur ved Tillung bru. Dårlig kurvatur. Ny fylling og bru

Rognli-Hjellane (vegdel). Samarbeid VA, St Vegvesen og Voss Energi

Oppheimstunet: Omlegging av veg utanom gamal steinkvelvingsbru (Sundsvollselva, Kongevegen). Brua har noko skadar. (+ ny bru)

Haugamoen: Dårlig bereevne, manglar fortau. Noko gjennomkøyring - trafikksikring. Fellesprosjekt med opprusting/separering VA

Træenslia-Svanga Omlegging av brattaste parti på vegen

Ny veg til Selheim Høgdebegrensing på grunn av jernbaneundergang, dårlig grunn, bratt og vanskeleg kurvatur

Dyrvedalen Vest: Ny/ opprusting veg. Reguleringsplan laga, men ikkje vedteken. Ein del fyllingar klargjort på privat grunn

Gullfjordungsvegen, Opprusting og fortau jf vedteken reguleringsplan. Fellesprosjekt med VA – ligg i økonomiplanen

Vossestrand omsorgssenter/ Framnes til Vossestølen hotell; strandpromenade med båt plassar i Svinavika (regulert til føremålet)

Plan/ utgreiing: Ny tilkomst til øvre del av **Nyrefeltet** via Gamle Bordalsvegen om Knut Haugo

Plan/ utgreiing: Betre tilkomst til **Gullfjordungen** skule

Plan/ utgreiing: Regulering fortau **Sivlevegen**. Omlegging køyremønster etter Vangstunnelen, delvis einvegskøyring

- Gang- og sykkelkulvert i Svelgane ved grense mellom Voss og Granvin (E16)
- Gang- og sykkelkulvert under Rv13 mellom Tvildemoen og Tvilde
- Gang- og sykkelveg mellom Handelshuset og jernbaneundergangen på Bryn og Brynagjelet (Rv13)
- Omlegging av fylkesveg på Nedre Kyte